



# Taren på Jæren – gjødsel og tareoske

Lokal bruk og råstoff for den internasjonale kjemiske industrien

1880 – 1940

EGIL HARALD GRUDE

Mange lesarar kjenner til at utnytting av tang og tare har lange tradisjonar langs kysten, men kor variert og viktig bruken har vore, er kanskje ukjend. Men ein viktig ressurs skapar også grunnlag for konflikt – om eigedomsrett, vegrettar – og om røyken frå tarebåla. Egil Harald Grude følgjer og drøfter ei spennande utvikling, frå den gongen jærbøndene vart skildra som for makelege til å nytta taren til gjødsel – til då tarebåla brann og tarerøyken prega landskapet, og tareoska var eit viktig råstoff i kjemisk industri.

Bruk av tang og tare er kjent heilt frå sagatida. Den vart brukt som grønnsak, til fôr, gjødsel og pigment til farging. Då og seinare vart det framstilt salt til matvarebruk ved å tørka og brenna tang og tare, slå sjøvatn over oska og koka inn laken til salt. Produktet vart kalla svartsalt og var av heller dårleg kvalitet. Metoden vart brukt der det ikkje var hensiktsmessig å utvinna salt av sjøvatn.<sup>1</sup>

Tønnes Sirevåg skreiv sist i 1930-åra ei hovudfagsoppgåve i historiemed tittelen «Jæren på veg frå naturalhushaldet. Jærsk næringsliv før Jærbanen kom. 1800 – 1875». Sirevåg seier at tare vart nytta til gjødselsblanding alt frå gamal tid. Amtmann Bendix Christian de Fine skriv i 1745 at bøndene ved havsida spar mold, slår smått lyng og samlar tare «for å forfriske og formere gjødningen». Det kan vera at bruken av tare har minka av seinare på 1700-talet. I alle fall fortel Pierre Pomeau Flor som studerte jærsk landbruk, i 1810 at taren blir lite brukt for skuld latskapen mellom bøndene.<sup>2</sup> Men så skjedde det ei endring. Ikkje lenge etter Flor sine klagemål på jærbøndene må taren ha kome i meir allmenn bruk som gjødningsmiddel. Marcus Fredrik Irgens som i si tid var ein dei største landbruksautoritetane i landet, ga i 1872 ut boka «Jæderen. Forsøg til en Landbrugsbeskrivelse». Her skriv han om gjødslingsmetodane og gjødslingsmidla. Irgens som brukar omgrepa tang og tare synonymt, seier at tare tidlegare var lite brukt som gjødningsmiddel. Men då han samla opplysningane sine rundt 1870 var den i allmenn bruk, både på sjøgardane og på gardar omtrent ei halvmil inn i landet, altså over

vesentlege deler av Jæren.<sup>3</sup>

Andre kjelder gir nærare opplysningar. Ein rettsvist om tarehenting mellom sjøgardane Nord- og Sør-Reime i Hå enda for Høgsterett midt i 1850-åra. Her hevda vitne at tarehenting og tarekøyring i alle fall hadde gått føre seg frå slutten av 1820-åra, kan hende etter utsagn frå vitne på Nord-Reime, så langt attende som til 1815.<sup>4</sup> Så har vi ei sak mellom Orre og Friestad i Klepp tidleg i 1870-åra. Orre er sjøgard, Friestad ligg litt inne i landet. Frå Orre heiter det at taren ikkje vart nytta i eldre tider, men først kom i bruk som gjødningsmiddel ein gong mellom 1820 og 1840, 30 – 50 år før rettssaka. Det galdt både for Orre og oppsitjarar på fleire omkringliggjande gardar, også Friestad.<sup>5</sup> I ei tredje sak, midt i 1890-åra, denne gongen mellom Ødegård som ligg opp frå sjøen, og sjøgarden Skeie i Klepp, vart det hevda at saltegardane hadde henta tare årleg på Skeiestranda langt attende. Dei Salte meinte dette hadde gått føre seg i så lang tid at dei hadde fått hevd på eller rett til dette «ved Alders Tids Brug», «fra en Tid, som ligger så langt tilbage, at ingen Levende kan erindre, at det har været annerledes». I Høgsterett vart det stilt spørsmål om ei nærare tidfesting av omgrepet «ved Alders Tids brug». Då vart det sagt at tarehenting og bruk av tare som gjødningsmiddel ikkje hadde teke til tidlegare enn mellom 1820 og 1830.<sup>6</sup> I desember 1875 hadde Forlikrådet i Klepp føre ei sak om tarehenting på sjøgardane Reve og Hodne. Saka galdt i særleg grad forholdet til Austre og Vestre Bore og Borsheim, tare- og vegrettar. Der kom det også fram at gardane Hole, Voll, Vasshus, Skas, Gruda og



Taresankinga var tung og slitsam. Folk og dyr vart hardt røynde. Men dei gode inntektene dette arbeidet ga, lokka. Anna arbeid vart lagt til sides. Gardsfolket sjølv og tenestefolka arbeidde seint og tidleg for å berga tare. Her har kunstnaren Kitty Kielland skildra tarekøyring på Ogna. Kitty Kielland var ei føregangskvinne for dei kunstnarane som søkte til Jæren og skildra dette landskapet og folka der frå slutten av 1870-åra. Desse kunstnarane har seinare vorte kalla Jærmalarane. Foto: O. Væring Eftf. AS.

husmennene under Klepp prestegard – altså gardar opp av sjøen og inni bygda - hadde køyrt tare frå sjøen.<sup>7</sup>

Martin Adolf Grude gav i 1914 ut verket «Jæderen 1814 – 1914». Vi må gi Grude rett når han i dette verket hevdar at kring 1850 hadde bonden «lært verdien av å gjødsle aker og eng, og man ser derfor at tang, som forhen ei blev meget påaktet, nu samles med flid.» Grude understrekar at dette også galdt gardar innover Jæren. Taren vart som vist til ovanom, nytta opptil ½ - ¾ mil opp frå sjøen. Forbruket gjekk opp. Både M.A.Grude og Tønnes Sirevåg underbyggjer korleis taren kom til å få større og større verdi for det

jærskje landbruket der bøndene sette i gang stor nydyrking. Dette førte til at gjødselspørsmålet vart meir og meir brennande. Det minka på tilgangen, skreiv M.A.Grude. Jærbonden kunne ikkje dyrka utan gjødsel slik som austlandsbonden. Det vart konkurranse om taren. «Eierne» seier M.A. Grude «er begynt å verne om tangstranden, hvor forhen andre uberettigede tok tare efter behov.» Sirevåg seier at «det vart tevling om den gjæve havplanten: strandgardane hevda sin eigendomsrett, og prosessar vart fylgje».<sup>8</sup>

I samband med ei utskifting på Stavnheim i Hå i 1893 vert det vist til at i 1866 vart taren berre nytta

til gjødsel.<sup>9</sup> Men snart kom det store endringar. Taren fekk også eit anna og svært viktig bruksområde, til industriell bruk. Dette auka konkurransen om taren ytterlegare. Hans Torgny Indrebø har i ein artikkel i Jærmuseet si årbok for 2008 – «Strandressursar» – sett på både landbruket si utnytting av taren og den industrielle bruken.<sup>10</sup> Nedanfor skal vi i særleg grad kasta lys over den industrielle utnyttinga av taren. Dette gjer vi både i ein vidare forstand internasjonalt og nasjonalt, og med eit særleg fokus på Jæren frå 1870-åra fram til sist i mellomkrigstida, altså ein periode på 60 år, dei åra tarebåla brann langs jærstrendene.

### TARE SOM RÅSTOFF FOR INDUSTRIELL BRUK<sup>12</sup>

Produksjonen av industrielt interessante råstoff frå tare og tang starta med brenning av plantene for å redusera dei til oske. Den vart først nytta som kjelde for kalsi-

umsalt til glasindustrien, deretter til utvinning av spesielt tareoska sitt overraskande høge innhald av jod. Dette har røter attende til egyptisk glasproduksjon i oldtida og til Roma. Tareoska vart og nytta til framstilling av såpe.<sup>13</sup>

Ein gong på 1600-talet tok franske kystbønder til med produksjon av soda, i hovudsak frå oska etter brenning av brunalgar, for bruk til glassering av keramikk og til glasproduksjonen. Produktet vart kall barilla-soda. Tare og tang kom også i bruk. Det fekk eit positivt utfall. Frå Frankrike spreidde tarebrenninga seg til Skottland der produksjon av tareoske for glasindustrien tok til rundt 1720. Aktiviteten vart særleg stor i dei fattige, men tarerike øysamfunna utanfor Skottland. Tarebrennarane her utvikla og forfina brennemethodane. Først nytta dei «gruver» – renner – i bakken eller i primitive steinomnar. Frå slutten av 1700-talet tok dei i bruk opne jernomnar – kilns. Dei, seier Mentz Indergaard, var laga

Livar Qvalbein frå Kvalbein i Hå fortel våren 2016 med grunnlag i eige minne og slik far og bestefar hadde fortalt. "Taren er ein ressurs som har lege til garden i uminnelege tider. Den har til tider vore ei god atåt-næring for sjøgardane langs heile jærkysten. Frå slutten av 1800-talet og fram til siste verdskrig vart taren brukt til mange ting. Den var etterspurt som gjødsel. Men aller viktigast var tareoska. Her på garden vart mykje av taren brent, og sluttproduktet var tareoske. Det var eit viktig og etterspurt råstoff i jodproduksjo-

nen. Tareoska vart selt til oppkjøparar. Bestefar selde til ein oppkjøpar i Stavanger som heitte Sømme. Det var ei god inntektskjelde her på garden heilt frå århundreskiftet (1800/1900) og fram til midten av 1930-åra. Eg har rekningar frå bestefar si tid som viser at han i 1915 leverte 22.688 kg. tareoske for 11 øre pr. kilo. Det var kr. 2.495. I 1924 leverte han 25.376 kg. a 25 øre pr kilo, i alt 6.344 kroner. Dette var mykje pengar, så det var om å gjera å få køyra opp mest muleg."<sup>11</sup>

av støypejern, var tre – fire meter lange, og kunne lett monterast og demonterast. Difor var det lett vint å flytta produksjonsanlegget, noko som sparte transport av råmaterialet. Brenninga vart endå betre i lukka mursteinsomnar med skorstein. Denne informasjonen kom til Norge i ei utgreiing frå den danske konsulen Home i Leith i Skottland i 1805. Han meinte at tarebrenninga hadde ført til rikdom og folkevekst i kystområda.<sup>14</sup>

## NORGE

Norge hadde ikkje eigen glasproduksjon før midt på 1700-talet. Før dette vart vindusglas importert vesentleg frå hansabyane Danzig og Lübeck, seinare også frå England. Frå midten av 1730-åra og utetter ivra styresmaktene for å få i stand eigne norske glasverk. Dei norske glasverka Ås glashytte i Sandsvær og Nøstetangen i Eiker vart oppretta i 1740-åra. Dei produserte drikkeglas. Hurdal glassverk vart oppretta i 1755 for produksjon av vindusglas. Frå starten av nytta dei norske glasverka vedoske. Denne oska vart enten samla inn frå hushaldningar eller ved hogst direkte for formålet, med stordrift av skog, for ikkje å seia rovdrift. Det vart stor etterspørsel etter skog både på Austlandet og i Trøndelag, til dels ut i perifere område. Lange transportveggar gjorde drifta vanskeleg og glasproduksjonen ulønsam. Vedoska vart likevel ennå nytta lenge framover. I 1820 hadde Hadeland glassverk såleis åleine eit årleg forbruk på 160 tonn pottaske, som omrekna tilsvarte omtrent 400.000 kubikkmeter ved med bork. I tillegg kom 14.000 kubikkmeter ved til å driva sjølve smelteprosessen. Då så langt var kome, hadde spørsmålet

om utnytting av tareoska vore på dagsorden lenge. Det vart nemnt første gong i 1739. I 1748 føreslo justisråd Jens Hveding i Trondheim at ein som alternativ til bruk av skogane i Lierne inn mot svenskegrensa i Trøndelag, kunne leggja glasverka til kysten og nytta pottaske med tare som råmateriale, her i landet som i Skottland. Hveding kunne, seier Indergaard, fortelja at for mange år sidan hadde ein skotsk skipper vore på besøk og forklart korleis ein skulle framstilla tareoske. Han hadde til og med kjøpt norsk tareoske, og betalt godt. Denne lovande geskjeften vart avbroten av at det vart innført forbod mot import av tareoske til Storbritannia.<sup>15</sup>

Tareoskeproduksjonen hadde ein vanskeleg start. Men interessa var vekt i Norge. Etter nokre prøveparti, m.a. på Veøy i Romsdalen, vart det i 1755 fastslått at glasverka her i landet også kunne nytta tareoska som grunnlag for produksjonen sin. Nordvestlandet og Trøndelag vart sentra for norsk tarebrenning. Byskriver Jens Hveding i Trondheim og kapellanen i Veøy, Hans Barow, var pionerarar for å utvikla norsk tarebrenning. Dette hadde vekt slik oppsikt at Erik Pontoppidan alt i verket sitt om Norge frå 1752 kunne fortelja om industriell utnytting av tare.<sup>16</sup>

Interessa for tareoskebrenning hadde vakna for fullt. Det vart sendt ein industrispion til England. Han vart arrestert, lauslaten og rømde til Frankrike. Herifrå fekk han våren 1756 ein fransk tareoskebrennar og sodakokar til Norge saman med ein tolk. Dei starta arbeidet med å læra dagarbeidarar på Ørlandet i Trøndelag å sankta, tørka og brenna tare. Tarebrenninga vart vellukka, og brenning av tareoske vart etter kvart

ei binæring. Produksjonen begynte smått, men var i 1758 komen opp i ca. 30 tonn i året. Tidleg i 1760-åra kom produksjonen opp i over 100 tonn, midt i 1760-åra 125 tonn, og 15 – 20 år seinare opp mot 225 tonn årleg. Likevel vart ikkje trongen dekkja. Dei norske glasverka måtte gong på gong importera soda frå land ved Østersjøen, frå Skottland og Spania.<sup>17</sup>

Aktiviteten flytta seg sørover. Snart kom Nordmøre etter. Byfuten Peter Fredrik Koren i Kristiansund åtte Smøla-godset. I 1762 – 1763 oppmoda han innbyggjarane på Smøla og andre øyar i nærleiken å setja i gang med tarebrenning. Oska gjekk i første omgang til dei norske glasverka, seinare meir og meir til eksport, opp mot 200 tonn tareoske i året. I kristiansundshistoria reknar Arne Odd Johnsen at næringa i denne perioden var ein viktig faktor i den økonomiske historia i heile distriktet. Særleg på Nordmøre spissa striden om tarebrenninga seg til i dei første åra etter hundreårsskiftet. Mange meinte at tarerøyken var årsak til at fisket svikta.<sup>18</sup>

Tarebrenninga vart ei viktig næringsgrein fleire stader. I Stavanger Amt vart det i åra 1762 – 1764 produsert 70 tonn tareoske årleg.<sup>19</sup> I 1760-åra gjekk tarebrenninga først og fremst føre seg på Karmøy og i Ryfylke. På Jæren høyrer tarebrenninga først og fremst til siste tider av 1800-talet og åra fram mot 1910.<sup>20</sup> Tarebrenninga førte til strid også i Stavanger Amt. Fiskarane meinte at røyken skremte fisken vekk frå land. Dette var urolege tider. Ein ekstraskatt utskriven i 1762 som fylgje av store økonomiske vanskar for den dansk-norske staten, førte til strid fleire stader på Vestlandet, med Strilekrigen i Bergen i 1765 som det mest kjente. Også i Stavanger

Amt samla bønder seg våren 1765 for å visa motstand mot skatten, Bønder frå Karmøy og Ryfylke var særleg aktive, ikkje minst ved ei samling på Finnøy og likeins i Stavanger.<sup>21</sup> Bøndene var først og fremst opphissa over ekstraskatten, men sinnet deira gjekk også ut over alle slags skattar og avgifter, torskefiske med garn og over tarebrenninga. Dei ynskte ein resolusjon som forbaud tarebrenning, og dersom dei ikkje fekk det som dei ville, skulle dei kasta all taren som brennarane hadde samla på sjøen. Amtmannen våga ikkje anna, slik forholda var, enn å lya, og forbaud tarebrenning i 1765. Kommisjonen som vart nedsett i Bergen for å undersøka ekstraskatteklagene, fylgde opp. Den viste forståing for eit forbod mot tarebrenning og torskefiske med garn.<sup>22</sup>

Lenger opp i embetsverket møtte dette motstand. Visestathaldar Bazon heldt prinsipielt på garnfiske etter torsk. Han ville helst ikkje setja forbod mot det. Likevel kunne det vera naudsynleg ut frå lokale omsyn. Difor gjekk han inn for at ein skulle kunna dela opp havet i garngrunnar og snøregrunnar. Dette skulle ein ta opp i dei distrikta der det var ynskjeleg. Visestathaldaren var også mot å setja forbod mot tarebrenning. Han ville ikkje ta avgjerdsla med ein gong. Ein skulle undersøka i Skottland. Der dreiv dei både tarebrenning og fiske. I desse spørsmåla støtta sentralstyringsverket og generalprokurør Stampe seg til visestathaldaren. Etter lang tid, først i 1779, vart så amtmannen sitt forbod oppheva. Dette skjedde etter initiativ frå glasverka. Tilførslene frå utlandet vart vanskelege. Men det langvarige forbodet hadde knekt tarebrenninga i Stavanger Amt, og Nordmøre

heldt på posisjonen sin som kjerneområde for denne verksemda.<sup>23</sup>

Også andre stader i landet vart brenning av tare til oske etter kvart mislikt. Klagarane påstod at brenninga hadde negative verknader både på veret og fiskeria. Bønder i innlandet meinte at tarebrenninga var medverkande årsaka til at det hadde vore dårleg vêr og mykje nedbør sist på 1700-talet. Dette fekk skulda for at kornet ikkje hadde mogna. Det som kom i hus, var grovt eller rotne på grunn av usedvanleg mykje regn. Dette var alvorlege skuldningar i misvekstår. Klagarane viste og til at fisket hadde slått feil i kyststroka, også dette på grunn av tarebrenninga. Det hadde ført til høge fiskeprisar. Fagfolk meinte at det som oftast var misunning og ikkje realitear som låg bak. Likevel heldt klagene fram med å strøyma inn frå både fiskarar og bønder. På slutten av 1700-talet nådde tarebrenninga eit høgdepunkt på Nordvestlandet og i Trøndelag. Tarerøyken låg stinn og illeluktande heile sommarhalvåret mange stader like frå Sunnmøre og opp mot namdalskysten. Men tjukkast var han nok på Nordmøre og Smøla. Sist på 1700-talet og i åra etter 1800 kom det til konfrontasjonar mellom tarebrennarar og fiskarar frå Sunnmøre nordover til Trøndelag. Fiskarane ville ha slutt på tarebrenninga.<sup>24</sup>

Sentralstyresmaktene reagerte. Våren 1804 kom på kongeleg ordre justisråd og embetsmann i Landeøkonomi- og Kommersekammeret, Christen Pram - fødd i Lesja i 1756 - til Norge for å samla opplysningar om tareoskebrenninga og dei store næringsvegane. Pram såg ikkje bort frå at tarerøyken kunne skremma fisken,

men var skeptisk til at brenninga hadde innverknad på vêret og avlinga. Han viste til presten Brodtkorb på Hitra, som hadde god forstand på fiske. Presten hevda at tare-røyken slett ikkje skada sei- eller sildefisket. Og at meda vart løynde av røyken hende så sjeldan at det hadde lite å seia. Pram meinte det var mange påstandar om dei negative verknadene av tarebrenninga, men bevisa var få.<sup>25</sup>

I Trondhjem Stift forbaud amtmannen tarebrenninga for året 1804. Då ordna Pram med overkrigskommisær Holtermann på Østråt for skjæring av eit lite parti tare som eit forsøk. Han ville sjølv sjå korleis brenninga gjekk føre seg. Pram måtte gå med på at stanken frå brenninga var ubehageleg, men meinte at motstanden kunne synast å vera meir politisk enn rasjonelt betinga. Det var også støtte frå enkelte embetsmenn. Justisråden kalkulerte også betydninga for den lokale økonomien. I snitt var det i åra 1794 – 1802 sysselsett 696 arbeidarar, mens i toppåret 1800 ga denne verksemda arbeid til 1083. Pram kalkulerte også fortienesta for dei 3 – 4 månadene brenninga gjekk føre seg, og kom då til at ein arbeidar kunne tena mellom 10.5 og 21 riksdaler, etter hans syn ei god løn - «en saare maadelig Løn».<sup>26</sup>

I konklusjonen sin slo Pram fast at den einaste skaden som var bevist, var at røyken kunne skjula meda. Dei andre klagene var ikkje bevist, men Pram meinte – kan hende noko overraskande – at klagene var sannsynleggjorde på ein slik måte at det var grunn til å ta dei alvorleg. Det burde undersøkast om det var muleg å brenna tareoske av tørka eller lagra tare. Då kunne brenninga gå føre seg i tida frå oktober til februar. Rett nok vart det fiska skrei om vinteren, men den gjekk så



djupt at røyken ikkje gjorde skade. Dersom ei slik undersøking ikkje var avslutta før våren 1805, meinte han at tarebrenninga burde stoppast. Resultatet av Pram sine undersøkingar og rapporten hans til København, var at tarebrenninga vart forboden i 1805.<sup>27</sup>

Når det galdt haldninga til tarebrenninga i Skottland, svarte tidlegare omtalte konsul Home i Leith at det aldri hadde vore klaga over tarebrenninga, men at allmugen enkelte stader hadde meint at røyken og flammene skremde fisken. Derfor hadde tarebrennarane til tider vore nøydde til å sløkkja elden om natta. Men saka hadde blitt undersøkt, og nå meinte ein at røyken frå tarebrenninga ikkje hadde nokon innverknad på fisket.<sup>28</sup>

For norske glasverk vart forbodet på kort sikt ein klar ulempe. Dei måtte framleis bruka oske frå ved, eller importera sodaoske, men etter kvart utvikla dei ei blanding som ga brukbart glas utan bruk av tareoske. Forbodet ramma truleg likevel ikkje kysten av Nord-Norge der det også var tarebrenning. Glasverka i Nord-Trøndelag, oppretta frå 1808 og utover, brukte alle oske frå tarebrenning. Aasnes glassverk fekk for eksempel tareoska si frå øya Vega og frå kyststrok elles nordpå.<sup>29</sup>

Under napoleonskrigane frå 1807 til 1814 vart tarebrenninga friggitt i kortare tid av året, men verksemda vart likevel avgrensa. Etter 1814 kom det i gang eksport, men det vart ikkje stort av det. Hovudgrunnen var tekniske framskritt i sodaproduksjonen. I 1791 hadde den franske industrijemikaren Nicolas Leblanc lansert ein ny metode for å framstillta soda. Den var basert på koksalt, og i 1814 vart det sett i gang storstilt sodaproduksjon i England etter denne metoden, med sterkt prisfall

som fylgje. Soda framstilt av tareoska kunne ikkje lenger konkurrera. Men nye muligheter skulle opna seg.<sup>30</sup>

## **NY UTVIKLING INTERNASJONALT**

### **Oske for jodproduksjon og grunnlaget for farmasøytisk industri.**

Etter at den nye metoden for å framstillta soda var lansert, vart det gjort forsøk på å forbetra den tradisjonelle framstillingsmåten. I 1798 vart det oppretta ein fabrikk i Cherbourg i Frankrike, for å skilja dei forskjellige salta i tareoska, slik at ein kunne koma fram til eit betre og reinare råstoff for sodaproduksjonen. Gjennom dette arbeidet vart grunnstoffet jod oppdaga i 1811. Dermed var det funne ny bruk for tareoska. Nå vart det viktig å skilja mellom oske frå tang og oske frå tare. Jodinnhaldet er 10 -100 gonger større i tare enn i tang.<sup>31</sup>

Her kom medisinske nyvinningar. På slutten av 1820-åra oppdaga den franske legen Jean Lugol at ved å binda jod til eit mineral – kalium - vart det vatnløseleg. Han føreslo at løysinga kunne nyttast ved behandling av tuberkulose. Den vekte stor interesse, men utan å innfri. Snart fann ein likevel ut at jodløysinga hadde antiseptiske kvalitetar. Eit nytt høgdepunkt, og eit gjennombrøt i vitskapleg medisinsk forskning kom i 1860. Då annonserte den sveitsiske legen Jean Francois Condet at jodløysing kunne nyttast til å behandla struma. Det var første gong i historia at ei spesifikk medisinsk behandling kunne nyttast på eit spesifikt medisinsk problem, på grunnlag av erfaringsbasert resonnement med støtte i eksperiment. Behandlinga av struma med tilførsel av jod er ei ernæringsbasert



Kvalbein sør i Hå, er ein av dei store sjøgardane på Jæren. Bøndene her og på sjøgardane elles, har alltid nytta havet på ulikt vis. Dei har fiska, vore losar og redningsmenn. Taren har dei nytta til gjødsel. Frå sist på 1800-talet og fram mot andre verdskrigen fekk taren stor økonomisk verdi. Tarebrenning, sal og eksport av tareoske, vart ei viktig inntektskjelde. Den internasjonale kjemiske industrien tok imot det meste av tareoska. Ein periode var det og ein tanginfabrikk på Ogna.

*Foto: Anders Beer Wilse, Norsk folkemuseum.*

behandling som tilførte kroppen ein manglande substans, og ikkje noko legemiddel i seg sjøl. Jod hadde i alle tilfelle blitt eit svært ettertrakta stoff og folk

brukte det i alle slags samanhengar. Dette var jo på ei tid då det ikkje fantes nokon offentleg legek kontroll. Det kom etter kvart delvis som fylgje av misbruket av jod.

Bruken som antiseptisk middel heldt seg langt opp i moderne tid, men vert ikkje tilrådd lenger. Den fører med seg arrdanning og forlengar grotida for såret.<sup>32</sup>

Jodproduksjonen vart ein stor industri. I 1846 fantes det 25 jodfabrikkar bare i Glasgow. Også i Norge opna det seg nye muligheter både ved at tareoska kunne eksporterast og at det vart sett i gang innanlandske jodfabrikkar. Tarebrenning for jodproduksjon tok til på Hitra i 1870, etter initiativ frå bankdirektør Karl Bomhoff i Trondheim. To år etter etablerte han Nidarø Kemiske Fabrikk, den første jodfabrikken i Norge. Ved århundreskiftet fanst det ni jodfabrikkar i landet. Eksporten av jod frå dei norske fabrikkane utgjorde 12 – 13 tonn pr. år i tida frå 1905 og fram til den første verdenskrigen. Den sokk til ca. fire tonn pr. år i 1920-åra, men kom opp i 10 tonn i 1930.<sup>33</sup>

## SKOTTLAND <sup>34</sup>

Den kjemiske industrien har sin plass i skotsk historie. Det har også tarebrenninga og konsekvensane av denne. Tarebrenninga starta i 1730-åra. Den skaut fart frå midten av 1700-talet. I 1790 var produksjonen om lag 5.000 tonn, og då produksjonen var på topp i 1810, heile 7.000 tonn i året. Hovuddelen av tarebrenninga gjekk føre seg på Uists, Barra, Harris, Lewis, Skye, Tiree og Mull i Hebridane. På det skotske fastlandet – høglandet - var det og ein viss men avgrensa produksjon. I sesongane kunne mellom 25.000 og 40.000 personar delta i aktivitetane med og kring tarebrenning.

Historia om den skotske tarebrenninga er historia om korleis den skotske adelen kom til å utnytta denne

ressursen til eigen fordel, og utbytta den fattige forpaktar- eller jordeleigarklassen over årtier sist på 1700-talet og først på 1800-talet. Då det var klart at det var pengar i tarebrenning, kasta jordeigarar i det skotske høglandet, frå Orknøyane, Hebridane og andre stader seg inn i denne næringa. Dei kravde alle rettar til taren. Taresankarane hadde leveringsplikt. Dei sat berre att med ein brøkdel av inntektene. Mesteparten gjekk til jordeigarane, for sal og for frakt av tareoska inn til Glasgow og til Liverpool på den engelske vestkysten.

Jordeigarane i det skotske låglandet – fastlandet - og i England gjorde det godt på landbruk, gruvedrift og kolonihandel. Og dei viste rikdommen sin ved å byggja seg flotte bustader som dei fylte med kunst og dyre møblar. Etter den skotske oppreisten mot England i 1745 sette den engelske kongemakta i verk harde mottiltak mot det skotske klansystemet, og det mista mykje av makta si. Dette fekk store konsekvensar i det skotske høglandet. Adelen her - jordeigarane - hadde levd enkelt og hadde problem med å få inntekter frå «forpaktarane» sine. Jordeigarane ynskte forandring og tok opp nye levesett i Edinburgh og London, med dyre hus og selskapsliv. Dei såg inntektsmoglegheiter i fiskeing, saueavl og tarebrenning. Til tarebrenninga trong dei ein stor arbeidsstyrke. Adelen delte då jorda si, også det som hadde vore i fellesskap med bøndene, i små bruk. Desse vart kalla croft, og småbøndene croftarar. Crofta var så små at dei ikkje ga levemoglegheiter for ein familie. Difor måtte dei som leigde jord, ha arbeid ved sida av, i tareindustrien.<sup>35</sup>

På Hebridane såg ein ei liknande utvikling. Der

tok tarebrenninga som sagt ovanom, så smått til i 1720- og 1730-åra og skaut fart frå 1760-åra. I første omgang var det enkelte gardbrukarar som samla og brann tare. På Barra i Ytre Hebridane auka tareoskeproduksjonen frå 40 tonn i 1763 til 200 tonn i 1794. Då betalte kjøparane i Liverpool £ 4-10-0 for tonnet. Sidan ein måtte brenna 20 tonn tare for eit tonn oske, tydde dette at crofterane skar 4.000 tonn tare i året. Forpaktarane brukte tre månader kvar sommar for å samla og brenna tare til oske.

Grunneigarane, adelen, la på dei ei avgift for kvart tonn som vart frakta ut frå deira eigedommar. Dessutan hadde dei monopol på frakt inn til fastlandet på skipa sine. Grunneigarane makta i større og større grad å gjera taresamlinga og brenninga til fordel for seg sjøl. Bøndene levde eit usselt liv. Til trass for konfliktane, vert det likevel sagt at det i første omgang var nokolunde balanse mellom jordeigarane sine krav og bøndene sine inntektsmuligheiter. Det var jamvel ein viss folkeauke på enkelte øyar slik som Tiree. Likevel ga fleire og fleire opp og emigrerte til USA, Canada eller andre britiske koloniar. Landeigarene prøvde å avgrensa emigrasjonen gjennom lovgjeving som skulle tvinga opp prisane på reiser over Atlanterhavet. Staten hadde og interesse av dette, fordi emigrasjonen gjorde rekruttering av soldatar til the Imperial Army – hæren - vanskelegare.

Under napoleonskrigane vart det slutt på leveransar av barilla frå Spania, ei anna alkalikjelde. Prisen på tare (kelp) vart dobla mellom 1801 og 1811. På Barra skaut prisane i veret og var oppe i £ 20 for tonnet. Det

førte til at jordeigarane, som og auka arbeidslønene, pressa jordleigeprisane i veret. Grunneigarane gjorde det svært godt i nokre år. Forpaktarane fekk då £ 2-12-0 for tonnet – altså ein tiandepart av det jordeigarane/godseigarane fekk. Alt som tenkjast kunne, vart gjort for å maksimera inntektene av tareindustrien. Forpaktarane fekk forbod mot å bruka tare til gjødsel, og dei skulle bruka minst muleg tid på jorda si. Bøndene vart i større og større grad avhengige av å kjøpa havremjøl som dei tidlegare hadde dyrka sjølve. Dei fekk heller ikkje lov å mala kornet sjølve og kvernene deira vart øydelagde. Forholda under kelp-perioden sette grunneigarane i ein slik posisjon, seier Angus og Patricia Macdonald, at adelen «turned small tenants in effect into slave labour in the kelp industry». Crofterane fekk slavekår og vart slavearbeidarar i tareindustrien.

Men så braut marknaden saman i 1820-åra. Dette skjedde fordi tollen på billig import av barilla frå Spania vart fjerna etter napoleonskrigane. Grunneigarane på ei øy som Mingulay, gjekk over til sauedrift. Andre var på leit etter fortsatt drift. Jordeigar Rodrerick MacNeill på Barra bygde også frå 1828 ein tarefabrikk på øya. Den skulle gi arbeid til 500. Dei skulle produsera eit høgverdig produkt som kunne konkurrera med beste slag importert barilla. Det vart ingen suksess. Forpaktarane sleit med jordavgifter og med levemåten. Dei overlevde ved å dyrka poteter på all jord dei hadde til disposisjon. MacNeill sette forpaktarane på katolske Barra under stendig meir press. Han truga med at om dei heldt seg til katolske høgtidsdagar, og ikkje fylgde ordrane hans for arbeid med jorda og taren,



Tarerøyken driv over strender i Klepp. Det lukta ille – og det lukta pengar. Foto: Fotosamling Stavanger Turistforening, Statsarkivet i Stavanger.

ville dei bli skifta ut med protestantiske arbeidrar. Han åtvare og alle som hadde tankar om å emigrera. Dei ville ikkje finna nåde om dei angra seg. Det kan ha verka – på kort sikt. Men då potetavlingane svikta i 1840-åra vart det krise. Det vart masseutvandring, i stor grad til Nova Scotia, Canada. Nokre grunneigarar på Hebridane støtta til og med forpaktarar med tilskot til amerikabilletten. Dette vart elles forenkla ved at det store London-baserte Hudson Bay Company, som utnytta skinnressursane i Nord-Amerika, utrusta og sende skipa sine ut på atlantehavskryssing frå Stromness på Orknøyane. Mange nytta høvet til å dra med desse skipa over havet til ei ny framtid.

Nå skal det også seiast at det ikkje berre var småfolk som fekk problem. Også jordeigarane sleit og måtte gå frå heile eller deler av eigedommane sine.

Med samanbrotet i den skotske tareindustrien fekk Jæren ein stor mulighet, og nytta den.

### JÆREN I FOKUS - TAREBÅLA BRENN

I 1893 skreiv Arne Garborg essayet «Fra det mørke fastland». Her formidlar forfatteren inntrykk frå ei ferd sørover Jæren med den Jærbanen han elles hadde vore skeptisk til då planane om dette tiltaket kom opp sist i 1860-åra. På reisa vart han vitne til tarebrenning. Garborg likte ikkje dette.<sup>36</sup>

Vel 20 år seinare, i 1914, skildra også M.A. Grude tarebrenninga. «Reisende paa Jernbanen kan fra Toget en tør Sommerdag se snesevis af hvidlige, smaa Røg-søiler stige op langs Havkanten fra «Tangmiler» eller smaa Tanghauge som brændes til Aske, og er Luften noget fugtig med Paalandsvind, kan den høist eiendom-



melige, for den uvante noget ubehagelige Lugt derfra fornemmes 1 a 2 Mil ind i Landet.»<sup>37</sup> Jæren var storproducent av tareoske til bruk som råstoff i den kjemiske industrien, ikkje minst internasjonalt. Verksemda hadde festa seg sterkt på Jæren og i det jærskelandskapet, til og med i stadnamna. Inge Særheim fortel i boka: «Jærstrendene. Namn og stader» at ordet tare finst som føreledd i ei rekke namn, fleire med bakgrunn i sanking, køyring, tørking og brening av tare.<sup>38</sup>

Tarebrenninga var ein kunst. «Sjølve arbeidet» skriv Svein Ivar Langhelle i Hå kulturhistorie «tok helst til etter vinterstormane og bestod i å samla opp tangen og køyra til tørkeplassar som var mest mogleg reine for sand og rusk. Der blei tangen først lagt i dungar, for sidan å bli snudd, raka og sett mest som han skulle vera høy. I fint vêt kunne dei køyra tangen opp for å

bli tørka den eine dagen og brend den neste. Staden for breninga var som ei mile, med eld innvendig og utan flamme. Det måtte aldri koma regn på oska, og ho måtte i sekk så snart ho vart kald nok.»<sup>39</sup>

Arne Garborg kunne i essayet «Fra det mørke fastland» fortelja at tarebrenninga ga gode inntekter for dei beste gardane slik som Ytre Salte i Klepp. Oska vart seld til England. Der vart taren brukt i glasfabrikkane og til jodframstilling. Men, sa Garborg, tarebrenninga hadde ein pris. Den gjekk på kostnad av landbruket. Åkrane vart utarma år for år av di taren ikkje lenger vart brukt til nødvendig gjødsel, men til å brenna tareoske av. Jærbuen ga opp jordbruket og for til Amerika.<sup>40</sup>


Framstegsoptimisten M.A. Grude skreiv at Jæren hadde overflod av dyrkingsjord og rikeleg tilgang på tare



Tarebrenninga var krevjande, og ein måtte vera nøyaktig om det skulle bli prima vare. Her vaktar to tarebrennarar prosessen. Rundt 1900 utvikla det seg jamvel ei eiga gruppe spesialistar – tarebrennarar, som tok på seg den viktige oppgåva. Dei ekstra utgiftene dette ga, sikra kvaliteten. Foto: Severin Worm-Pedersen, Norsk Teknisk Museum.

til gjødsel. Det galdt både sjø- og opplandsgardane. Og sidan taren vart kasta opp på strendene til ulike tider av året, var her nok tare både til gjødsel og til brenning. M.A. Grude såg ingen fare i tarebrenninga. Tvert om, det var ei velsigning. «Denne Tangbrændning har været

meget almindelig paa mange af Strandgaardene, især paa Kyststrækningen sønderfor Figgeløvens Udløb og har givet disse betydelige Aarsindtægter, dels ved egen Brændning og dels ved Udleie til «Oplændingerne» fra de ovenforliggende bygdelaag, der selv ingen



Jærbanen mellom Stavanger og Egersund kom i drift i 1878, samstundes med starten for tareeventyret på Jæren. Jernbanen vart ein viktig transportør av tareoske mellom jærbygdene og Stavanger. *Foto: Fotosamling Hå folkebibliotek.*

Tangrettighed har, af saavel Tangtag som Tørreplads for samme» Dette var viktige inntekter for jærbygdene, ikkje minst for sjøgardane. Her var det alminneleg velstand. Her var det nye driftsmetodar. Slåmaskin var vanleg på mest kvart bruk. Nye våningshus og driftsbygningar viste igjen i landskapet og her var og stor oppdyrking. I landbruksspørsmålet fann M.A. Grude elles støtte hos Hr. amtsagronom Sv. H. Kvalsheim, «der foruden at være Fagmand paa dette Omraade tillige er Tangstrandeier og Tangforbruger.....»<sup>41</sup>

Tønnes Sirevåg meiner og at den aukande utnyttinga av taren som gjødsel var viktig. Han ser difor som Garborg eit problem i tarebrenninga for eit ekspanderande landbruk. Han seier at det er lett å forstå at taren førte til strid i ei tid kunstgjødsel ikkje fanst, der det jærskje landbruket var i ekspansjon og der gjødselsbehovet vart stort. Då kom strandeigarene i aukande grad til å vakta over taren. I tillegg til taren hadde bøndene elles også eit anna naturgjødselmiddel. Det var sildeganet, fiskeavfall. Dette var det rikeleg tilgang



på under dei store sildefiskeria på rogalandskysten frå tidleg på 1800-talet til dei tok slutt rundt 1870. Det gjorde nok ikkje situasjonen lettare at det også vart skarpare og skarpare konkurranse om sildeganet etter som vårsildfisket minka. «I stor mun måtte spørsmålet om nyrydning og vidare framgang for jordbruket på Jæren bli eit spørsmål om gjødseltilgang og lettare kommunikasjonar.» seier Sirevåg.<sup>42</sup> Han må i kommunikasjonsspørsmålet ha hatt Jærbanen i tanken.

Arne Garborg nekta for at Jærbanen ga fordeler for tarebrennarane, og for Jæren i det heile for den del. Bøndene frakta varene sine med hest og kjerre som før. M.A. Grude var ueinig med Garborg og argumenterer for at utan Jærbanen kunne ikkje tarebrenninga ha blitt noko stordrift. Båtfrakt var altfor vanskeleg langs den vêrharde jærkysten der hamneforholda var heller dårlege. Arne Garborg og M.A. Grude kom elles seinare til å nærma seg kvarandre i synet på Jærbanen. Garborg såg at den etter kvart vart til nytte for landbruket og til framhjelp for meieribruk og industri.<sup>43</sup>

Hallvard Nordås understrekar i Klepp bygdesoge frå 1987 den avgrensa betydninga Jærbanen hadde i den første 20-årsperioden av dette tiltaket. Nordås seier også at den i første omgang elles fekk mest nytte for Hå og den sørlege delen av Jæren, medan dei Klepp ennå fann det mest praktisk og økonomisk å gjera byreise med hest og kjerre slik dei alltid hadde gjort.<sup>44</sup> Nordås ser og at Jærbanen etter kvart vart til nytte for tarebrennarane. Kvernelands Fabrikk frakta råvarer og ferdige produkt med båt over Frøylandsvatnet til Klepp stasjon. Dette førte til auka trafikk for Jærbanen. Det same gjor-

de også tareoska. «Udover Sommeren ser man daglig en Række tunge Læs blive slæbt opover fra Sjøkanten til Klep Station, hvorfra Varen saa sendes til Stavanger og derfra videre til Bergen.» Oska frå Klepp vart elles ikkje berre køyrt til Klepp stasjon. For dei Orre var det greiare å køyra til Bryne. Her vart oska lagra i eigne oskehus før ho vart transportert vidare til Stavanger, og derifrå – etter at kjøparar på andre sida av Nordsjøen hadde overteke hegemoniet - med båt til Storbritannia.<sup>45</sup>



Bøndene køyrde tareoske med hest frå strendene til jernbanestasjonane frå Ognå og Brusand i sør til Klepp i nord, for vidaresending til Stavanger og eksport derifrå. Her ser vi ein tareoskekøyrar i Saltebakkane sør for Bryne.  
Foto: Stavanger Turistforening/Gunnar Wareberg, Statsarkivet i Stavanger.

## KONFLIKTAR OM TAREN I RETTSSYSTEMET

Vi har alt sagt at den aukande utnyttinga av taren førte til strid, og har vist både til Arne Garborg, M.A. Grude og Tønnes Sirevåg. Den aukande etterspurnaden etter

taren som gjødsel var konfliktskapande. Det var likevel først og fremst den intensive industrielle utnyttinga av taren som førte til prosessar. «Men da saa Brændning af Tang til Jodfabrikationen for Alvor tog Fart i 1880-Aarene blev der fordoblet Rift efter Tangen og Processerne om Tangrettigheder tiltog tilsvarende.»<sup>46</sup>

Vi skal sjå på nokre av dei mest sentrale sakene i denne samanhengen. Hallvard Nordås skriv at frå gammalt var det rimelegvis slik at taren vart rekna som herrelaust gods som kven som helst kunne nytta, både opplandsgardar så vel som dei som åtte sjøgardane. Men etter kvart vart det konflikt.<sup>47</sup> Nordås skriv og, som vi elles har sett, i Klepp bygdesoge at ein fekk avtalar mellom sjøgardar og innlandsgardar alt før utvinninga av oske tok til. Forliksprotokollane for Klepp viser fleire avtalar om utnytting av taren alt før 1870. Sidan kom det til forlik om tareoska.<sup>48</sup>

4. april 1853 vart det møte i forlikskommissjonen for Klepp prestegjeld. Oppsitjarane på Skeie meinte at Ytre Salte dreiv ulovleg og skadeleg tang- eller taretaking og køyring på ulovlege vegar og langs med stranda. Dette måtte stoppast. Den innklaga lova å retta seg etter tilvisingar for henting og kjøring frå dei Skeie. Det vart forlik. Ytre Salte skulle betala 32 skilling årleg til Skeie for å ta tare og nytta vei, og godtok det.<sup>49</sup>

I Orre var det frå gammalt av strandgardane som gjorde seg nytte av denne ressursen. Men etter kvart som det vart aukande trong til gjødsel, kunne dei køyra taren opp til 7 – 8 km inn i landet seier Birger Lindanger. Dei Erga og Horpestad hadde vore vande med å henta tare på Orre. Etter kvart vart det meir køyring enn dei

Orre sette pris på. Midt i 1850-åra vart dei einige om at det skulle vera anledning til å ta tare på Orre. Men opplendingane måtte køyra slik at det ikkje var til skade for Orre si mark. For at alle skulle vera kjende med vedtaket vart det lese opp frå kyrkjebakken på Orre.<sup>50</sup> På Skeie var det ny sjau i 1866. Der hadde bøndene på Åse henta tare i årevis. Åsebøndene vart stemnde for forlikrådet for å få avgrensa kva tangstrand dei skulle ha rett til.<sup>51</sup> Sjøgardane Reve og Hodne hadde i 1875 kome i konflikt med Austre og Vestre Bore og Borsheim om tare- og vegrettar. Her vart saka løyst ved at sjøgardane skulle få økonomisk kompensasjon, både frå nabogardane dei hadde hamna i konflikt med, og gardar inne i bygda som køyrte tare; Hole, Voll, Vasshus, Skas og Gruda.<sup>52</sup>

På Refsnes i Hå fekk Store Salte og Ødegård i Klepp i 1886 rett til å ta tare og sand på garden i 30 år mot betaling. Frå Hårr i Hå heiter det i 1904 at det var bortleige av tarefelt. På Nærland i Hå vart det i 1905 ført til boks at opplandsgardane Nesheim og Njærheim hadde ein avgrensa rett til taretak.<sup>53</sup>

I eit forlik i 1890 fekk oppsitjarar på Erga rett til å henta tare på Orrestranda mellom vikskiftet og elva i sommartida frå 15. mai fram til haustmarknaden. Derimot skulle dei Erga ikkje ha rett til å henta tare frå 1. mars til 15. mai kvart år. Som erstatning for denne retten skulle brukarane på Erga betala eigarane på Orre ein årleg sum. Ei vanleg ordning vart etter kvart at opplendingane skulle betala strandeigarane ei viss avgift for kvart lass med tare. Etter kvart fekk kvar sjøgard – etter matrikkelen – eit visst tal hesterettar som dei kunne bruka sjølv eller leiga bort.<sup>54</sup>



Kartutsnitt over Klepp og Time frå 1902. Her er nokre viktige torgardar som Refsnes nord i Hå, Skeie, Vik, Orre, Reve og Hodne i Klepp, merka av. Det same er opplandsgardar som Åse, Salte og Erga. Dei låg i rettsprossessar med sjøgardane om eigedomsretten til taren. Desse vart førte like til Høgsterrett. Sjøgardane vann. Kartet viser og gardar som Gruda, Hole, Voll og Vasshus nord i Klepp. Desse gardane sikra seg forsyningar gjennom avtalar om betaling for taren. Kartet viser og Jærbanen og jernbanestasjonane Bryne og Klepp. Frå desse var det stor trafikk med tareoske i sesongane. Mange av sjøgardane i Klepp køyrde til Bryne og Klepp stasjon med oska. Det siste kunne vera ei ekstra dryg ferd. Då Jærbanen vart bygd midt i 1870-åra ynskte dei Klepp at banen skulle gå midt i bygda – om Kleppekrossen – men tapte denne kampen. Jernbanestyresmaktene ynskte den kortast moglege traseen mellom Stavanger og Egersund. Jernbanen var nok likevel eit langt betre alternativ for å føra oska til Stavanger for tarebøndene i Klepp enn ei lang byreise med hest. *Foto: Kartverket, Rektangelkart Rogaland, 1902.*

Andre saker gjekk gjennom heile rettsapparatet, like til Høgsterett. Tidleg i 1850-åra vart det konflikt mellom oppsitjarane på Søndre- og Nordre Reime i Hå. Tvisten galdt retten til bruk av tarestrand. Dei sør meinte dei hadde eineretten, dei nord meinte dei var «medberettiga», og hevda at då Reime vart delt i to hovudpartar hadde taren blitt verande i uskifte som eit felleseige. Det var til og med meir enn nok til å forsyna både reimegardane og andre gardar med all den tang som trongst. Vitne kunne og fortelja at dei nord hadde køyrt tare i lang tid, og i alle fall langt over hevdstid. Kunne ein tarerett oppnåast – ervervast – ved alminneleg bruk, og hadde dette skjedd ved at dei hadde fått løyve til å henta tare? Under- og Overrett hadde vore ueinige korleis lova skulle tolkast her. Det stod også om dei nord hadde bedt om løyve til å køyra tare. Her stod vitna for sør og nord mot ein annan. Som vi har sett ovanom, hevda vitne at tarehenting og køyring i alle fall hadde gått føre seg attende til slutten av 1820-åra, kan hende etter utsegn frå vitne på Nord-Reime så langt attende som til 1815. Då som nå kunne det koma endringar under vegs i rettsapparatet. Underretten ga dei sør medhald, Overretten dei nord. Saka enda i Høgsterett som sa slik dom: «Oppsidderne paa Gaarden nordre Reime (Navne) bør for Oppsidderne paa gaarden søndre Reime (Navne) deres Tiltale i denne Sag frie at være.» Og så står det som kommentar at grunnen til at Høgsterett ga ein ny konklusjon utvilsamt var at dei hadde funne beviset for hevd tilstrekkeleg.<sup>55</sup>

Det var strid om taren også andre stader. Vi skal sjå på ei sak frå 1871 mellom gardane Bærvågen og Nevlun-

gen i Brunlanes i Vestfold. Eigarane av desse to gardane meinte dei hadde eigedomsrett til all tare på strendene sine og frå nokre grunnar utanfor strendene. Taren frå grunnane vart riven laus under hauststormane og dreiv opp på strendene. Dette hadde ført til konflikt og tjuveritiltale for ulovleg tareskjæring våren 1870. Dei tiltalte som meinte dei hadde hevd til å skjæra tare, og som hadde betalt grunneigarane for det av tare dei tok ut, vart frifunne både i Underretten og Stiftsoverretten. Amtmannen i Jarlsberg og Laurvigs amt anka til Høgsterett. Under behandlinga av saka viste Høgsterett til ein dom frå 1854 frå Kaupanger i Sogn og ein frå Grevle i Brunlanes i 1855, og likeeins paragrafar i utskiftingslovene av 1821 og 1857. I førstnemnde dommen var dei innstemna dømde for tjuveri, i sistnemnde måtte taresankaren betala for det han hadde tatt ut. Høgsterett sa likevel at det av tidlegare rettspraksis berre gjekk fram at tarestranda kunne tilhøyra grunneigarane, ikkje at ho nødvendigvis gjorde det. Her måtta takast omsyn til lokale forhold og rettsoppfatninga frå stad til stad. Den kunne vera ulik sjølv med så små avstandar som ei mils veg, som mellom Bærvågen og Grevle. Derfor vart det sagt, at dersom nokon skulle kunne sjåast på som tjuv måtte dei vera klar over at dei ved å skjæra tare gjorde inngrep i annan manns eigedomsrett. Slik forholda var her, var det ikkje rimeleg å rekna slik. Eigarane hadde sett på at utanforståande skar tare på eigedommane deira. Dessutan hadde Herredskommissionen som arbeidde med matrikulering rundt 1870, gått ut frå at at tareskjæringa var fri. Derfor hadde skylda på garden Bærvågen blitt sett lågare enn om garden hadde hatt eigedomsrett til taren

på eigen grunn. Dei tiltalte vart frikjende.<sup>56</sup>

Vi vender attende til Jæren. Ei tid etter brunlanesdommen kom det til sak mellom sjøgarden Orre og Friestad som ligg opp frå sjøen. Her kom brunlanesdommen til å danna presedens. Som vi alt har sett, vart det i saka mellom Orre og Friestad sagt at tarehentinga kom i gang mellom 1820 og 1840, då taren kom i bruk som gjødningsmiddel. Gardar opp i landet, slik som Friestad, køyrde også tare, utan innvendingar frå dei Orre. Den transporten ser ut til å ha gått føre seg der det passa å køyra. Men så bygde dei Orre veg til stranda. Dette skjedde så langt vi skjønar, tidleg i 1860-åra. Då oppfordra oppsittjarane på Orre-garden fleire av dei gardane som henta tare, om å vera med på å opparbeida vegen. Ein dreng frå Friestad var med på vegarbeidet, vart det hevda. Det meinte dei Friestad var eit bevis på at dei Orre hadde gitt rett til tarehenting, mot at dei Friestad deltok i vegvedlikehaldet. I 1871 saksøkte Orre dei Friestad for å ha køyrt over Orre si inn- og utmark. 22. april 1871 sa Sorenskrivaren i Jæren dom. Dei Friestad vann saka. Orre anka dommen til Kristiansands Stiftsoverrett. Her kom det dom 19. november 1873. Dei Orre vann. Retten kjente Jens Thorsen Friestad «uberettiget til at tilegne sig Tang paa Gaarden Orres Strand». Saka vart anka til Høgsterett. Då hevda dei Friestad at dei ikkje trong noko løyve til tarehenting frå dei Orre, fordi «forsaaivdt angaar Bemægtigelsen af Tangen, ingen Indrømmelse behøves, saasom han mener, at Adgangen til at tilegne sig Tang, der oppfyldes av Havet, er fri for alle og Enhver----». Og når det galdt retten til å koma til standa,

hadde denne bevisleg vore i bruk i over 20 år, og var hevdvunnen. Dei Friestad ville også skjelna mellom tare som vart skoren og tare som dreiv på land. Den sistnemnde skulle vera fri for alle. Førstevoterande kunne ikkje sjå at dette var tilfellet, i alle fall så lenge dette ikkje hadde vore gjengs oppfatning langt tilbake. Her vart det vist til fleire lovtekstar. Utskiftingslovene av 17. august 1821 § 14 og av 12. oktober 1857 § 18c skilde ikkje mellom skoren eller ilanddriven tare. All tare var eigedommen til den som åtte grunnen der strandtaren dreiv opp på. Førstevoterande fann også støtte for dette i NL (Norske Lov) 5-12-4 og 17 frå 1687. Det hadde heller ikkje tidlegare vore skild mellom tarestrand der tare vart skoren og der tare dreiv på land. I kriminallova av 3. juni 1874 kap. 22 § 15 var det også sett straff for den som tok tare som fanst i sjøen ved annanmanns grunn eller hadde drive inn der. Dommaren ville heller ikkje avvisa at tare i eldre tider og på enkelte stader kunne ha vore allemannseige. Men for Orre (egnen) sitt vedkomande rekna ikkje dommaren med at dette kunne ha vore tilfelle. Rett nok sa samtlege vitne at frå den tid ein tok til å nytta taren, meinte alle gardbrukarar som ikkje budde ved stranda, at dei hadde rett til å henta tare. Det var ikkje knytt nokon eigedomsrett til den. Vitna hevda også at dei Orre meinte dette sjølv. Men, sa førstevoterande, dette er ei oppfatning som ikkje går lenger attande enn 30 – 40 år. Og så såg ein også at Herredskommissionen i Klepp - i motsetnad til Brunlanes - hadde vore av ei anna meinining med matrikelrevisjonen. Der heitte det at «man i Jordtaxterne over de til Søen stødende Gaarde og

Fortegnelse over dem som kjøper tare		utbetalt	betalt
Otte 18	Fredrik Røtten 1/4 1/15	26 00	26 00
	1/4 1/16 2 hekt.	38 00	38 00
- "	Nydon Torvholen 1 - 1/4	20 00	20 00
- "	Sverre Kallalena 1	20 00	20 00
- "	Johannes Kangerås 1 3/4	20 00	20 00
	Gunnar Pedersen 1 1/4	20 00	20 00
	Per Vold 3 hekt.	50 00	50 00
	Per Hølland Vigstov 1 hekt.	20 00	20 00
	Per Frøstov 1/4 1/15 1/4 3 hekt.	15 00	15 00
	Per Frøstov 1/16 3 hekt.	7 50	7 50
	Per Kvalbe 1/16 2 hekt.	2 50	2 50
	Frøstov 1/15 og 1/16	10 00	10 00
	for selsk. 1/15 1/16	10 00	10 00
	Per Frøstov 1/16 1/15	20 00	20 00
	Kvalbe 1/16 1/15	25 00	25 00
			245 00
	for selsk. og port		3 10
			248 10
	Frøstov 1/15 50.00 for selsk. a		200 00
	1/4 1/16		41 90
			289 00
	for selsk. 1/15		4 00
	for selsk. 1/15 4.00		4 00
			293 00

Fortegnelse  
over dem som  
kjøper tare fra  
Kvassheim strand  
30/10 1915

Då taren vart salsvare og viktig inntektskjelde, vart det strid. Folket på sjøgardane meinte taren var deira eigedom. Bønder oppe i landet - opplendingar - hevda at taren var allemannseige. Høgsterett bestemte at på Jæren høyrde taren til grunneigarane. Andre kunne likevel sikra seg tare. Sjøgardane selde. Her gir ei side av rekneskapsboka, «Fortegnelse over dem som Kjøper tare fra Kvassheim strand 30/10 1915», oss oversikt over ei lang rekke bygdefolk som kjøpte tare på Kvassheim i åra frå 1915 til 1920.

spesielt for Gaarden Orres Vedkommende har tillagt pr. Maal af Indmarken mindst 2 Spd. for Tangstrandherligheden, hvorimod intet saadant Hensyn blev taget for Gaarden Friestads Vedkommende, og dette Tillæg, som saaledes er gjort for Gaarden Orres Vedkommende, sees ogsaa af Herredskommissionen, efter den sammes Formand meddelte Erklæring at være sat endnu høiere, end 2 Spd., som var foreslaaet af den forberedende Komite.» Dette hadde ein også teke omsyn til andre stader i landet, sa Høgsterett og viste til brunlanesdommen. Det same var tilfelle i ein eldre dom. Den gongen kom det fram at ein på Jæren ikkje tenkte seg anna enn at oppfylt tang/ilanddriven tang var ein herlighet for vedkomande eigendom. Førstevo-terande avviste at dei Friestad hadde hevd.

Og så var det veispørsmålet då? Var det stifta ei bindande semje ved opparbeidinga av vegen? Dommaren meinte at dette ikkje kunne vera tilfelle. For på den tida vegen vart opparbeida, meinte alle at taren var noko som var felles for dei alle. Då var det rimeleg at alle som tok opp tang var med på opparbeidinga. Det var heller ikkje på nokon måte rimeleg å slutta at Orre, ved å ta mot hjelp, skulle fråskrive seg rettar. Dei visste jo ikkje eingong at dei hadde nokon rett til å utelukka andre. Det omhandla vegarbeidet syntes også ut frå opplysningane å ha vore ganske ubetydeleg. Det såg ikkje ut til å ha vore meir enn ein enkelt dags arbeide, eller noko slikt, på kvart enkelt bruk. Det var ikkje minste grunn til å tru at oppsitjarane på Orre hadde meint å oppgi rettane sine på grunn av ei ubetydeleg hjelp. At tarehentinga vart tilleten utan innvendingar kunne ein

heller ikkje sjå på som noko anna enn eit mellombels løyve som dei ikkje kunne vera bundne av. Førstevote-rande meinte derfor et Overretten sin konklusjon var den rette. Her i Orre vann grunneigarane fram, ikkje minst fordi taren under matrikuleringsarbeidet hadde blitt rekna som ein herlighet til garden og hadde blitt lagt til skylda, verdigrunnlaget for garden.

Forholdet mellom Orre og Friestad kunne nok vera viktig for dei det galdt. For oss er det ei anna side ved denne dommen som er langt viktigare enn dei lokale forholda. I lang tid hadde det herska uvisse om kva som var strandeigarane sin rett og kva rettar utanforståande hadde. Ved denne dommen slo Høgsterett *fast at slik dei lokale forholda var*, var taren strandeigarane sin eigedom som andre ikkje utan «særlig Adkomst kunde benytte sig af.»<sup>57</sup>

Fram til 1870-åra galdt nok tarekonfliktane i hovudsak tare til bruk som gjødningsmiddel. Då tarebrenninga kom i gang skulle det som vi alt har sagt, kvessa seg endå meir til. På nytt enda ein rettstvist frå Jæren om tare i Høgsterett for landets øvste dommarar. Dei skulle koma til å sjå taren i lys av utnyttinga til industrielle føremål. Tidleg i 1890 vart det, som nemnt ovanom, sak mellom Ødegård/Salte og Skeie i Klepp om tarerettar. Saltegardane hadde henta tare på Skeie-stranda årleg, i lang tid. Dei Salte meinte dette hadde gått føre seg i så lenge, at dei hadde fått rett til dette «ved Alders Tids Brug ... fra en Tid, som ligger så langt tilbage, at ingen Levende kan erindre, at det har været annerledes.» Underretten sa dom 15. april 1893. Petter Pedersen Ødegaard fekk rett til å henta tare til gjødsel «dog

ikke mer end fornødiges til nævnte Gaardes Brug, fra den ved Hovedcit.ne Andreas, Gabriel og Jonas Scheies Gaarde Scheie i Klep tilliggende Strandstækning fra og med Klovstenene i Syd til og med Marøbugten i Nord fælles med Hovedcit.ne og de Andre, der maatte have Ret til Tarehøntning paa samme Strand...». Vi skal *særlig merka* oss at dette var ein innskrenka rett, ein rett til å henta tare til gjødsel. Dette var viktig i ei tid då taren hadde fått eit nytt hovedbruksområde, for brenning til tareoske. Dommen vart anka. Bergen Overrett sa dom 27. august 1894. Då vart Petter Pedersen Ødegaard kjent «uberettiget til som Eier af L.No. 186b af ytre Salte, Matr. No. 35, og af L.No. 188b af Aase, Matr.No. 36 i Klep, at hente Tang paa den Appell.ne Andreas, Gabriel og Jonas Scheie tilhørende Strand paa Gaarden Scheie, men bør iøvrigt Parterne for hinandens Tiltale i denne Sag fri at være.» Dommen vart anka til Høgsterett som sa dom 3. september 1896. Som vi har sett ovanom tok bruken av tare som gjødsel truleg til mellom 1820 og 1840. Førstevoterande sa at sjølv om dei Salte hadde hadde henta tare frå det tidspunktet, var ikkje det nok til «Erhvervelse af Retten gjennom Alders Tids Brug». Derfor kunne det berre vera tale om at Salte hadde skaffa seg ein slik rett ved «almindelig Hævd». I så fall var tidsrommet Salte hadde hausta tare på Skeie si strand tilstrekkeleg langt. Det var slik fordi det hadde gått «over to Hævdperioder, hvori Brugen er udøvet, forinden Loven av 23 Mai 1874 traadte i kraft.» Dette var Lov om særlege rettar over framand eiendom, Servitutlova. Då var spørsmålet om bruken hadde blitt utøvd «med Bevisthed» eller om den fann stad «i kraft af en

Særlig Ret for Saltegaardene». Det meinte førstevoterande ikkje kunne vera tilfelle. Så vart det også opplyst at det ikke berre var saltgardane som hadde henta tare frå skeiestranda, medan også fleire andre gardar, «endogsaa Gaarde, som ligger temmelig langt borte» hadde forsynt seg med tare frå skeiestranda. Dette tyda også på at hentinga ikke hadde vore grunna i særlege rettar, men fordi ein i lengre tid hadde meint at tare som kom inn frå havet var noko som strandeigarane ikkje kunne nekta andre, fordi det var så stor overflod. Så vart det vist til orredommen frå midt i 1870-åra. Fram til då hadde det vore uvisse om kva som var strandeigarane sin rett og kva rettar utanforståande hadde. Ved denne dommen vart det, som vist til ovanom, fastsett at taren var strandeigarane sin eigedom som andre ikkje utan «særlig Adkomst kunde benytte sig af».



Tarearbeid i Klepp. Store taremengder og mykje slit, men og utsikter til fortjeneste. For mange sjøgardar ga tareinntektene like god fortjeneste som mjølkproduksjonen. Foto: Stavanger Turistforening, Statsarkivet i Stavanger.



Så er det og interessant i vår samanheng, at Høgsterett går eit skritt vidare og ser saka i nytt lys, i lys av den nye utnyttinga av taren og den nye økonomiske betydninga taren hadde fått på Jæren. I tidlegare tider var det ingen økonomisk interesse frå skeiegardane si side å nekta andre å forsyna seg med tare, fordi det var nok av den. I seinare tid – dei siste 10 – 15 åra derimot – hadde taren fått ein ganske annan verdi, fordi ein hadde teke til med tarebrenning. Tareoske var det nye produktet. Dette førte til at bøndene i området viste større og større iver etter å forsyna seg med tare, på same tid som bøndene på Skeie tok til å få større og større interesse for taren. Taresankinga hadde truleg gått føre seg i den tru at det var noko alle hadde rett til, eller i tillit til at skeiegardane ikkje gjorde innvendingar, fordi dei ikkje hadde interesse av å hindra andre i å nytta taren, eller fordi dei Salte frykta at ein prosess om saka ville gå i deira disfavour. Under saka vart det opplyst at i 1860-åra var det forhandlingar mellom oppsitjarane på Skeie og Salte om innskrenking i dei sistnemnde si tarehenting til eit meir avgrensa stykke av stranda. Dette førte ikkje fram fordi dei Salte ville halda fram som dei hadde gjort. Desse forhandlingane kunne også tyda på at dei Skeie ikkje følte seg trygge på at dei heilt kunne nekta saltegardane å henta tare. Sidan dei Skeie var usikre på gjeldande rett, ga dei opp forsøket på endring. Dette skjedde lenge før noko om strandeigarane sin einerett til taren var avgjort ved dom i Høgsterett.

Førstevoterande gjekk inn for å oppretthalda Overretten sin dom og dei andre voterande var einige. Då vart Petter Pedersen Ødegaard kjent «uberettiget til

som Eier af L.No. 186b af ytre Salte, Matr. No. 35, og af L.No. 188b af Aase, Matr.No. 36 i Klep, at hente Tang paa den Appell.ne Andreas, Gabriel og Jonas Scheie tilhørende Strand paa Gaarden Scheie, men bør iøvrigt Parterne for hinandens Tiltale i denne Sag fri at være...» Høgsterett styrka grunneigarinteressene, og viste direkte til den nye bruken av taren og den store økonomiske interessa denne hadde fått.<sup>58</sup>

Det roa seg likevel ikkje heilt. I 1892 klaga dei Orre på at oppsitjarar på Erga henta tare ulovleg og utan rett. Det kom til forlik om opptak og køyring av tare. Det skulle nå betalast frå 3 – 5 kroner pr. hest årleg. Dette skulle gjelda i 10 år. Elles kan vi merka oss at i 1907 kjøpte Tønnes Tønnesen Erga ein part av Orrestranda. Ved skylddelinga ga han dette bruket - bnr. 17 – namnet «Tangstrandrettighed». Var dette for å skaffa seg tilgang til tarestrand?<sup>59</sup>

Rettstvistar avklarte viktige sider ved tarerettar og tareskjæring. Desse rettstvistane vart viktigare og viktigare etter kvart som taren fekk økonomisk verdi som industriprodukt.

Så vart og ei lang rekke forhold kring utnyttinga av taren løyste ved utskiftingar. Det var mange av desse på sjøgardane, og nesten utan unntak var taren eit tema i desse.<sup>60</sup>

## UTSKIFTINGAR OG TARE

I 1870- og 1880-åra var det utskiftingar, frå Kvalbein, Stavnheim og Årslund i Hå til Jåsund, Kolnes og Sunde på Nord-Jæren. I neste tiåret vart mønsteret eit anna. I 1890-åra dominerte «taregardane» på Jæren, ek-



Elisabeth Sinding var ein av kunstnarane som søkte til Jæren. Ho kom her først i 1880-åra. I maleriet skildrar ho tarekøyring på Jæren. Hestane får seg ei kvild medan arbeidskarane lesrer. Foto: O. Væring Eftf. AS.

sempelvis Hårr, Reime og Obrestad i Hå, Salte og Vik i Klepp. Først på 1900-talet var det framleis et klart trekk at dei store «taregardane» markerte seg. Vi kan nemna Nærland i Hå, Orre og Sele i Klepp. Men nå kom og gardar på Nord-Jæren sterkare inn i biletet, Viste og Vistnes, Bø Ytre og Indre og Tunge i Randaberg. I dei tre neste tiåra frå 1911 til 1940 minka nok talet på utskiftingar der tare var tema. Men dei var her ennå, og jamnt fordelte over heile Jæren. Her nemner vi Hodne, Bore Vestre og Sele i Klepp, men og Rott i Sola og Sunde Søndre vest i Madla, i dag ein del av Stavanger.

Vi ser og andre trekk. I Hå og Klepp er taren tema og til dels eit sentralt tema, på nær sagt alle utskiftingane. I Sola, Madla/Håland og Randaberg er taren og eit tema, men ikkje på alle gardane og heller ikkje så sentralt som lenger sør på Jæren. Det er og eit anna skifte. I åra etter 1850 vert taren omtalt som gjødningsmiddel når han er tema i utskiftingane. Slik var det på Kvalbein i Hå tidleg i 1860-åra. Det same var tilfelle på Stavnheim i Hå og Jåsund i Sola. Men så anar vi at ei ny tid er på veg. Tarebrenninga tek til. Tidleg i 1870 åra tok apotekar F. Meyer frå Egersund

Livar Qvalbein fortel på nytt. «I 1910 hadde taren så stor økonomisk betydning her på Kvalbein, at utskiftinga hadde eit eige kapittel om tare og tarerettar. Her var det nøye lista opp punkt for punkt kva kvart bruk hadde å halda seg til. Her vart det bestemt kor mange hestar kvart bruk kunne bruka. Det vart og bestemt kva tid køyringa kunne ta til om morgonen, og kva tid det var slutt om kvelden. Frå 15. mars til 1. oktober kunne dei køyra frå klokka 7 morgon til klokka 9 kveld. Resten av året frå klokka 8 morgon til klokka 6 kveld. Tørkeplassane for taren vart og fordelte. Her på garden hadde me lov å bruka fire hestar. Når taren hadde kome inn på stranda og låg i store tarebruer, galdt det om å berga mest muleg, og alt disponibelt mannskap, samt koner, tenestejenter og born, alt som kunne krypa og gå, var med på tarekøyninga. Hos oss var arbeidet organisert slik at fire hestar heile tida var i bruk under køyringa, og to stod på stallen og kvilte. Når ein hest var for trøytt og trong kvile, vart den skifta ut med ein utkvilt. Slik hadde me alltid toptrimma hestar. Det var tungt for hestane å dra tarelasset i laus sand. Så dette var då ein måte å spara hestane på. Elles var det tre mann til å lessa, og ein mann til å grava ut av kjerra. To ungar køyrde i mellom. Der-som det var godt ver, vart taren køyrd ut over tørkeplassen. Det var då kvinnfolkarbeid å breia taren ut

over tørkeplassane, snu og venda med handrive til taren var tørr nok for brenning. Når taren var tørr nok, vart han raka saman og køyrd i store haugar der han skulle brennast. I fine vårkveldar vart taren så brend. Det var lange timar for den som skulle passa tarabålet. Det måtte ikkje brenna med open flamme. Det måtte leggjast på ny tare litt etter litt. Det galdt om å få til ei eldmørje, ein glohaug, slik at taren vart til fin oske utan å brenna for hardt med open flamme. Det var eit særst viktig arbeid det ikkje kunne slarvast med.

Men det var nok romantiske opplevingar knytte til desse kveldane. Den som passte tarabålet måtte ha godt selskap, med god mat og stell utover natta. Det vart sagt at konene tok seg særst godt av mennene sine i slike kveldar. Var tarebrennaren ein ungar, var det nok ei tenestejente som bar fram eit godt måltid. Ein kan ikkje sjå bort frå at ein og annan flamme fekk brenna fritt i dei fine vårkveldane, enten det var i tarabålet eller andre erotiske flamar som blussa opp.

Tenk så fantastisk å sjå, bål i bål, brenna i stille fine vårkveldar, med tjeld, vipe og linerle trippande rundt seg, og minna om nytt liv på åker og eng. Ei uforgløyemeleg tid var det nok for dei som var med, ikkje så miljøvennleg kan hende. Men for auga og sjela var dette uforgløyemeleg.»<sup>70</sup>

som elles hadde ein avtale om å samla tare på Obrestad i Hå, til å kjøpa opp tareoske. Det kan ha vore fordi Egersund fajansefabrikk brukte oske i produksjonen sin, men like mykje for vidareasal. Då Meyer og andre tok til å kjøpa tareoske, aukar også utskiftingane på, med konsentrasjon om «taregardane» i Hå og Klepp.<sup>61</sup>

Tarerettane og fordelinga av dei kom i framgrunnen. Dei vart nøye og til dels intrikat fordelte. På Kvasshheim i Hå var det utskifting i 1881 og på Ogna i 1892. Strandrettane skulle vera felles som før.<sup>62</sup> Andre stader vart strendene delte mellom luteigarane. Slik var det på Kolnes, nordre og Kolnes, søndre i Sola alt i 1870-åra.<sup>63</sup> På reimegardane (sør og nord) var taren i fellesskap, og som regelen var andre plassar, med eigarskap etter skyld.<sup>64</sup> På Hårr i Hå var det utskifting i 1901. Kvar tareteig vart nøye oppmålt og merka. Og så skulle stykka bytast, slik at dei berre fekk same stykke kvart åttande år.<sup>65</sup> På gardane elles nordetter i Hå, Stavnheim, Årsland, Varhaug søndre og Varhaug nordre, Grødaland og Obrestad var det variantar av desse ordningane, nokre fellesordningar, nokre fordelt på dei enkelte grunneigarane.<sup>66</sup> På Vik i Klepp var det utskifting i 1905. Tarerettane vart delt slik at noko vart til felles bruk og noko vart lagt til dei enkelte bruka, i forhold til bruka si kornskyld.<sup>67</sup>

Når vi ser på mønsteret i og omtalen av tarerettane skjønner vi at den får større og større verdi. Gjødelsbruken stod ikkje i framgrunnen lenger. I 1881 hadde «den nye tid» kome til Kvasshheim: Tørking av tare som skulle brennast til oske var tilleten, «på den stranden nærmest liggende mark mod erstatning til grunn-

eigaren».<sup>68</sup> Så var det utskifting på Kvalbein i 1908. Det skulle vekslast om bruken på tarestykkene i fireårsbolkar. Alle skulle sikrast rettane sine best muleg, ikkje med tanke på gjødelse, men med tanke på tarebrenning.<sup>69</sup>

På reimegardane og i Hå, var det som på Kvalbein.<sup>71</sup> Refsnes og Nærland i Hå var i særleg langdryg konflikt om taren, tiår etter tiår, frå 1880-åra fram mot andre verdskrigen. Her var også Salte store, og Ødegård i Klepp innblanda. På Nærland hadde Nesheim og Njærheim opp i landet rett til tare. Forholdet mellom dei to sjøgardane Nærland og Refsnes var og spent.<sup>72</sup> På Skeie, Åse og Salte kan det også ha vore slik at taren førte til gnissingar mellom naboar.<sup>73</sup> Grenseområda mellom Klepp og Hå synest i det heile å ha vore særleg konfliktfylte. Det er nærliggjande å tru at den industrielle bruken av taren kan ha vore med å auka konfliktnivået. Det har vi og kjeldefesta. Ei utskifting på Vik i Klepp midt i 1890-åra vanskeleg. Det var tvist mellom luteigarane om eigedomsretten til tarestranda. Her sa Utskiftingsretten med reine ord at det var den nye industrielle bruken av taren og inntektsmulighetene dette ga, som var hovudgrunnen til problema.<sup>74</sup>

M.A. Grude meinte, som vi har sett, at taren hadde lite å seia nord for Figgjo-elva. Sele er einaste garden i Klepp nord for Figgjo-elva. Her skjerpa striden om tarerettar seg frametter i mellomkrigstida.<sup>75</sup> I Sola på Byberg, Hellestø, Vigdel og solagardane synest taren å ha vore av liten interesse. På Kolnes-gardane var dei som vi har sett ovanom, tidleg ute med å skifta tarerettane – før dei fekk interesse for tareoske og ny inntektsmoglegheit. På øya Rott i Sola heitte det i 1917 at brenntare

skulle vera felles for alle luteigarane.<sup>76</sup> På Jåsund i Sola var tareretten opphavleg felles. Men så vart tarestranda delt alt i 1901, etter nøyve vurderingar av skiftande kvalitet og kvantitet på taren.<sup>77</sup> På Sunde, nordre og søndre, då i Håland, seinare Madla, nå Stavanger, vart rettar til sjøen, også tarerettar, verande uforandra gjennom heile den perioden vi omhandlar her. Det same gjeld for gardane Viste, Vistnes og Vistvik i Randaberg som i hovudsak hadde utskiftingar etter 1900, Vistvik i 1879. Her er det enten svært kort eller ingen omtale av taren. På Bø indre var tarestranda dels felles, dels i sambruk, skiftande over år. På Bø ytre vart det sagt at tareforekomsten ikkje var særleg viktig. Eigarane ville behalda denne i fellesskap. Heller ikkje på Sande i Randaberg synest taren å ha vore av særleg verdi. På Tunge, lengst nord i Randaberg, var det som sør på Jæren og taren synest å ha hatt ein viss verdi.<sup>78</sup>

I tillegg til at utskiftingane i aukande grad kom til å ta omsyn til den kommersielle verdien av taren, kom ein i desse og til å gå nøyare inn på ei rekke forhold som galdt tarefangst, brenning og transport. Det var bestemmelsar om kor mange hestar ein kunne bruka, oftast fordelt etter skylda på bruket. Her var og bestemmelsar om køyrevegar. På Vik i Klepp skulle det eksempelvis leggjast ein køyreveg opp frå stranda. Ved stranda, bort til denne fellesveien, skulle det leggjast så mange oppkøyringsvegar som oppsitjarane trong for å gjera seg nytte av den innkomne taren.<sup>79</sup> På Reve i Klepp var det lagt inn bestemmelsar om køyrevegar alt i 1878. Og i 1918 var det bestemmelsar både om kjøreveier og tørkeplassar. Slike bestemmelsar finn vi mellom anna på

*Regning*  
for W. Sømme del A. Sømme Stavanger  
som vart kjøpt i Stavanger 1915

22 688 kg. a 0.10 per kg.	1/10	2475,68
Premium a. 11 per 100 kg.		177,60
Tilleggspremium for 10 211 kg. a 0.02 per 100 kg.		2,30
		<u>2655,58</u>
Skatt og del av utgifter		2474,94
		<u>1621,4</u>

22688	
19137	
<u>3771</u>	

842	
11	
<u>853</u>	

Tarerekning frå 1915 for sal av tareoske til A. Sømme, Stavanger.

Nærland i Hå i 1907, på Årslund i Hå i 1914, på Rott i Sola i 1922 og på Sele i Klepp i 1920-åra.<sup>80</sup>

Og så vart ordningar for køyring av taren festa til papiret. På Vik i Klepp kunne ein køyra tare frå klokka 7 om morgonen til klokka 20 i sommartida 15.03. – 15.09, frå klokka 0830 om vinteren. På Reve var køyretida frå klokka 07 om morgonen til klokka 19 om kvelden. Her

var det elles bestemmelsar om straff for brot på køyretid. Den var 20 kroner, ved oppattaking 40 kroner. Det skulle betalast til Klepp kommunes fattigkasse, «under eksekusjonstvang» På Sele var køyretida klokka 07 – 20 om sommaren, klokka 08 -19 om vinteren.<sup>81</sup>

Ovanom har vi sett at grunneigarrettane til taren vart fastsette gjennom rettsavgjerder. Vi har og sett at gardar innover på Jæren hadde tilgang til taren. Nokre kunne vera nedarva og baserte på tradisjon. Namnet Brattlandsteinen på Nordvarhaug siktar til ein gamal bruksrett som garden Brattland hadde i stranda.<sup>82</sup> Andre var skriffesta og konkrete. Ved utskifting på Hårr i Hå i 1900 ser vi at dei som ikkje hadde rettar slapp til etter særskilt løyve. Her var også eit stykke ofte leigt bort.<sup>83</sup> Nesheim og Njærheim i Hå hadde tarerettar på Nærland.<sup>84</sup>

Ved ei utskifting på Orre i Klepp rett etter 1900 vart det ført til boks at dei Erga hadde tarerettar. Også på andre av sjøgardane i Klepp, Bore og Borsheim hadde rett til å samla tare på Hodne si strand.<sup>85</sup> Og så kunne andre sankta tare mot betaling Ein av dei tidlege, som vi har vist til ovanom, er apotekar Meyer som vi elles har sett var tareoskeoppkjøpar. Han hadde ein tingle-sen rett til taresanking på Obrestad i Hå. Og så var det særskilte tareavtalar. Ogna, Kvalbein og Kvasshem sine avtalar med Sjøtang A/S står i framgrunnen her.<sup>86</sup> Det var også private avtalar. I ein «overenskomst» frå Kvasshem i Hå, datert 18. desember 1919, vart det lagt til rette for at «Friestads og Kvadsheims oppsidderer og forøvrig alle brukere av jord i Ogne herred» hadde høve til å køyra tare frå Fuglevika og frå Kvasshem si side av

Kvasshemelva for 25 øre lasset eller kr. 25 pr bruksrett pr. år. Dette ga inntekter. I ein « Fortegnelse over de som Kjører tare fra Kvasshem strand» datert 30/10 1915, ser vi at ei lang rekke opplandsgardar køyrde tare både til gjødsel og brenning. Køyrrane betalte frå kr. 7.50 til kr. 50 i året. Dette ga Rasmus Kvadsheim inntekter frå snautt 250 kr. til rundt 550 kr. årleg i perioden 1915 – 1919. Attåt dette ser vi at Rasmus selde tareoske sjølv. I juni 1915 kunne han kassera inn kr. 207.24 for 1.884 kg. tareoske a 11 øre kiloet.<sup>87</sup>

Med den sterke utnyttinga ikkje minst til tarebrenning og industriell bruk, fylgde det rettstvistar på ulik nivå, i rettssal og ved utskiftingar. Dei løyste og avklarte tvistesprsmål. Det same var tilfellet med dei mange utskiftingane på strandgardane. På same vis som med rettstvistane, regulerte dei tarevinna. Og så ser vi og at dei som sat på tarerettane fann fram til ordningar utanom rettssystemet, slik som avtalane på Kvalbein og Kvasshem med Sjøtang A/S og avtalen frå Kvasshem som regulerte tarekøyringa i Ogna. Dette var til beste for alle partar.

### JÆRBYGDENE OG TAREOSKA - OVERSYN

Ovanfor har vi merka oss at tareoskebrenninga tok til rundt 1880.<sup>88</sup> Frå Klepp heiter det og at ei av dei første som tok til å brenne tare visstnok var Marie Viig. Dette heldt ho på med til ho var opp mot 100 år gamal. Marie og svært mange andre dreiv fram ei næring som førte til at Jæren vart det dominerande området i landet for brenning av tareoske, mest i Klepp og Hå, men og nordover like til Tungenes.<sup>89</sup>

Oppkjøparar sørjde for omsetninga. Ein av pionerane mellom oppkjøparane var, som vi har sett, apotekar Meyer frå Egersund som hadde sikra seg rettar til tare-sanking på Obrestad i Hå. Han kjøpte elles tare like nord til Reve i Klepp. Gabriel M. Kvalbein kjøpte opp oske. Dei Husvegg segla til Bergen med oska si sjølv. Eit naust på Obrestad vart kalla Oskenaustet. Der tok Jo Obrestad mot oske og selde henne vidare, jamnast til Bergen. Det kom skøyter og la til i hamna og tok imot. I Klepp låg eit firma frå Bergen med båt i Vik og kjøpte opp tareoske. Johan Wiig seier elles at los Sivert Viig var oppkjøpar for eit bergensfirma. Kan hende var det eit firma som blir nemnt Brun. I Klepp var elles var O. M. Vig ein stor mot-takar av tare. Johan Wiig nemner og oppkjøparar som Fredrik Vatne og Falch frå Stavanger. Så rundt 1880 kom T.C. Jonasen i Stavanger inn i biletet. Han sende tare-oska til England. Då vart det fart over salet. Nedanfor skal vi sjå det også var ein oppkjøpar i Tananger.<sup>90</sup>

Frå Hå heiter det at prisane for den brende tareoska var 7-8 øre kiloen den første tida, men kom seinare opp i 10-12 øre. Eitt år skal dei ha betalt 28 øre. På slutten av 1800-talet vart det årleg brent 1.000-1.200 tonn tareoske, og inntekta i næringa var på 80.000-100.000 kr. året. Dette svarer til eit årleg utbyte på mjølk frå omlag 1.000 kyr. Inntekta frå tarebrenninga var såleis ei svært viktig næring for dei som var med, og langt høgare for sjøgardane enn sal av tare til gjødselbruk.<sup>91</sup> I 1903 melde Jærbanen om at dei jamnt over transporterte 1.200 tonn oske i året til 85 kroner pr. tonn.<sup>92</sup> I 1913 var eksporten nesten 2.000 tonn. Totalt for heile Norge vart det eksportert rundt 6.000 tonn årleg. Tidleg i 1930-

åra var eksporten omtrent 3.000 tonn tareoske pr.år forutan det som gjekk til dei norske fabrikkane.<sup>93</sup> Fersk tare gir ca. 4 prosent oske etter tørking og brenning. 6.000 tonn oske tilsvarer altså ca. 150.000 tonn fersk tare. Tareoske, som utgjer 20-40% av tørrstoffet i taren avhengig av årstida, vil innehalda 1-3% jod.<sup>94</sup>

Frå Klepp heiter det at mengda tare som dreiv på land også veksla mykje. Enkelte år var det dessutan så mykje regn at det var vanskeleg å få turka taren. I startfasen i 1880-åra var prisen 5-6 øre pr. kilo tareoske. Denne oska vart seld til eit bergensfirma. Men så tok skotske jodfabrikkar til med oppkjøp. Kiloprisen kom opp i 10-12 øre kiloet, og det vart fart i brenninga. I 1913 var eksporten oppe i heile 1.900 tonn. Hallvard Nordås understrekar elles at inntektene varierte frå år til år. I alle tilfelle reknar han taren som ei god attåtning. Det var i dei vanskelege 1920-åra at inntektene av taren talde mest. Enkelte år var prisen oppe i 30 øre kiloet, med 1927/28 som dei beste åra. Det ga gode ekstra-inntekter. Dei beste åra vart det selt for 200.000 kroner frå Jæren. Av dette kan omlag 150.000 kroner ha gått til Klepp. På denne måten vart det kroner i «kommodeskuffen til både Hypoteken og handelsmanden» som ein jærbu formulerte det. Gode sjøgardar kunne brenna opptil 20.000 – 30.000 kilo pr. år, og med en kilopris på oska på 25 øre vart det ca. 5.000 gode kroner i inntekt i mellomkrigsåra. Når så dette låg over gjennomsnittsinntekta til ein vanleg bonde på årsbasis, skjønar vi det kunne vera mykje å henta av taren. Ein enkeltperson som tente 3.000 kroner på eit år, reknar vi gjorde det godt. Mange var nøgde med ein tusenlapp. Det var elles

sjølvsgagt sjøgardane som drog avgarde med mesteparten av fortienesta. Minst 2/3 av tareoska på Jæren vart brend i Klepp. Reve var den desidert største taregarden, men også på Vik og andre sjøgardar var aktiviteten stor. Opplendingane som leigde hesterettar, betalte gjerne ei avgift pr. kilo oske dei produserte. Det var mange av desse med. Og det viser at mange sette liten sin til «retteleingsstillingen» som skulle skaffa kontantar til å berga folk over dei dårlege åra i det ordinære jordbruket.<sup>95</sup> I 1920-åra var det enkelte år 150 personar som deltok i tarearbeidet på Reve, og det kunne vera opptil 200 hestar i sving ute på Revtangenen. Og frå Hodne lenger nord i Klepp, fortalde Olav Hodne at våren 1929 hadde han skaffa seg pass og tenkte seg til Amerika. Men så kom det så uhorveleg mykje tare at han fekk ikkje tid. Amerikadraummen vart bytt ut med eit truleg like innbringande tiltak, tarebrenninga.<sup>96</sup> Sjølvsgagt var her vanskar slik som ver og pris. Og så var det og andre utfordringar. Såleis var det i siste del av første verdskrigen eksportforbod på tareoske.<sup>97</sup>

Tarebrenninga var ein kunst og det vart lagt vekt på å levera gode produkt. Det vart tilsett kvalitetskontrollørar. Slike var Johannes Hodne og Andreas J. Salte. Og så var her tydelegvis ei gruppe som hadde tileigna seg særlege kunnskapar om tarebrenning. I folketeljinga for Klepp i 1900 og åra etter fram til 1910 vert dei nemnde som tangbrennarar. Dette var ei attånæring. Av desse var det 35 i Klepp og ein i Hå. Tangbrennar var og ein yrkeskategori i Spind og Vanse på Lista og elles nordover i kommunar på Vestlandet og Nord-Norge.<sup>98</sup> Det vart og gjort tiltak for å effektivisera taresankinga. Johannes

Hodne konstruerte ein transportabel bane til å berga stranda gods med og dessutan transportera tare over den steinete stranda. Banen var laga av element som kunne leggjast direkte på bakken og bindast saman. Dermed fekk ein, seier Nordås, ein slags primitiv jernbane som kunne flyttast frå stad til stad etter som det var bruk for han til tarehenting eller til å få bort stein frå nybrot. På banelinja gjekk det ei 4-hjula vogn som vanlegvis vart sett i rørsle ved handkraft. Banen kunne leigast ut eller nyttast av fleire gardar. Landbruksingeniør Grimnæs var svært begeistra for tiltaket, men det slo ikkje til.<sup>99</sup> Så kom det og opp ein plan om ein eigen kystjernbane på Jæren. Den skulle gå frå Hinna ut til kysten og ned til Nærbo. Banen skulle først og framst verka med til å fremja nydyrking og sukkerroeproduksjon med ein stor sukkerofabrikk på Jæren. Vi ser, underleg nok, at denne ikkje vart knytt til effektivisering av tarebrenning og osketransport, sjøl om den naturleg nok også kunne ha gått inn i denne samanhengen.<sup>100</sup>

Jodfabrikantane hadde ei monopolstilling. Tarebrennarane stod svakt. Difor var det ikkje underleg at det dukka opp tankar om mottiltak. Ein plan om ein stor jodfabrikk på Jæren vart ikkje realisert. Industrien nytta nok den sterke posisjonen sin til å pressa prisen. I 1912 var den nede i 8 øre kiloet. Derfor var det ikkje tilfeldig at avisene gjerne talte om «Jod-trusten». Berre ved eit tilfelle vart jodfabrikantane i Skottland skikkeleg pressa. I 1912 gjorde konsul Ingvald Thorsen frå Stavanger, som hadde kjøpt gardsbruk på Særheim i Klepp, eit andre jærsk forsøk på å ta opp konkurransen med jodtrusten. Thorsen dreiv stor sildeeksport til



Russland. Han ville byggja opp ein jodfabrikk basert på russisk kapital på Jæren. Optimismen var stor i første omgang. Straks planane vart kjende, sette jodtrusten opp kiloprisen med fleire øre. Dei fleste brennarane vart verande i trusten. Fabrikkplanane braut saman.<sup>101</sup>

Kva så med Sola, Madla og Randaberg? Fram til 1931 utgjorde Sola og Madla, Håland kommune. Randaberg var fram til 1923 ein del av Hetland kommune. Madla gjekk i 1965 inn i Stavanger kommune. Her talar vi om Sola, Madla og Randaberg. M.A. Grude seier at hovudtyngda av tarebrenninga gjekk føre seg sør for Figgjoleva, altså i Klepp og Hå. Han får, som vist, støtte for dette synet i kultursogene for Hå og Klepp. Men også bøndene i Sola, Madla og Randaberg engasjerte seg i aktiviteten. I ein reportasje i «Stavangeren» frå juni 1891 heiter det «Nu lader det endelig til, at Sommeren har indfundet sig med Varme og Godvejr.» Bøndene på Jæren hadde gått lenge og venta på dette, men ikkje så mykje for åkeren og enga sin del. Nei, det var tarebrenninga dei såg fram til. «Gaardsarbejdet tilsidesættes gjerne for denne nye Bedrift, der giver baade mange og kontante Penge i Kassen.»<sup>102</sup> Alle, heiter det, deltok i dette arbeidet, kvar på sitt vis, kvinner og menn, vaksne og barn. «Jeg tror ikke, der er andre end katten, som bliver tilbage i huset – hundene er i aldfald med paa taren!» skreiv «K» i Stavanger Aftenblad. Kvinnene i Håland hadde måtta gi opp arbeidet med husfliden, men nå hadde dei funne ei erstatning i arbeidet med taren, skreiv lensmann Olaus Bærheim i Sola i 1906. I Sola og Madla skal det ha vore litt tarebrenning på 1700-talet. Aktiviteten vart så smått teken opp at i 1870-åra. For dei fleste gardane langs sjø-

en var taren berre attåtinntekt, men for nokre kunne det bli meir enn som så, meinte fylkesagronomen i 1930.<sup>103</sup>

I Randaberg starta tarebrenninga i 1880-åra og skaut fart i 1890-åra. Men noko større omfang fekk ikkje denne aktiviteten. År om anna selde dei kring 7 tonn tareoske. Det svarte til drygt 1% av all tareoska som vart brunnen på Jæren. I eit einskild toppår, som 1897, omsette dei for 3.000 kroner – eller 30 tonn. Men det vart for lite tare til å halda oppe binæringa. Etter 1900 slutta dei stort sett av.<sup>104</sup>

Også på Nord-Jæren var det oppkjøparar. Daniel Danielsen i Tananger vart etterkvart ein viktig lokal aktør og kjøpte opp tareoske som han sendte vidare til Bergen Kemiske Fabrikk. Då Danielsen starta med å kjøpa opp tareoske i april 1893 var det for det aller meste personar frå Randaberg, bønder frå Bø og Viste som leverte, i tillegg til nokre få frå Sunde, Jåsund og Joa. Bare i mai 1893 kjøpte Danielsen 13.257 kilo oske. I leveranselistene frå april 1897 finn vi namn frå Jåsund, Myklebust, Tananger, Rott, Risa, Kolnes, Sola og Ølberg. Mengdene varierte frå månad til månad og frå år til år. Som regel kjøpte Danielsen ein stad mellom 25 og 35 tonn tareoske kvart år for vidaresending til Bergen. Oska gjekk med forskjellige fartøy som jektene «Brødrene» og «Seilene». I juni 1894 gjekk 12.647 kilo tareoske med jekta «Seilene» til ingeniør N.H. Brun i Bergen. Prisane varierte svært. I 1904 betalte Danielsen 7 ½ øre pr. kilo oske han kjøpte, mens i april same året betalte han 10 øre kiloet, og månaden etter 10 ½ øre kiloet. I august 1905 sendte Danielsen eit brev til Solheimsvigen Fabrikk. Då hadde han berre eit tonn

oske å tilby frå heile kommunen. Mangel på kjelder gjer at vi ikkje veit om han heldt fram med dette. Men det synest i alle fall å ha vore i liten målstock.<sup>105</sup>

Interessa for å utnytta tang og tare industrielt var stor i landet. Det var fleire jodfabrikkar i Norge, mellom anna



Sjøtang A/S i Ogna som starta i 1917, brukte tare som råstoff. Biletet viser fabrikkkanlegget og brevhovud frå fabrikkken. Dei som stod for dette tiltaket møtte mange vanskar, og dette vart aldri nokon suksess.

Foto: Fotosamling Hå folkebibliotek, fotograf: Espeland.

i Lofoten, Sunnmøre, Bergen og Hillevåg i Stavanger. Dei som ynskte å setja i gang industriltak for å utnytta taren møtte stadig på tekniske og konjunkturmessige problem. Tankar om industriell utnytting av tareforkomstane på Jæren med eigne fabrikkar der, stranda eit par gonger slik som vi har sett ovanom.<sup>106</sup> Men her kom eitt tiltak i gang. Basert på nye oppfinningar blei Norsk Tang A/S starta i 1913. Eit dotterselskap var Sjøtang A/S på Ogna, som blei etablert i 1917, mellom anna med tanke på produksjon av algininat til tekstilindustrien. Plaseringa på Ogna var ikkje tilfeldig. Det var som vi har sett, rike tareområde nordover frå Ogna, samstundes som staden låg ved jernbanelina. Vatn kunne dei henta frå Helgå og frå Ogna-elva. Det var også viktig at Ogna hadde fått elektrisitetsverk i 1915.<sup>107</sup> Våren 1918 hadde Sjøtang 12 tilsette. og så mange som om kring 30 skal ha arbeid der i 1920. Dei fleste var lokale, men og nokre lenger borte frå. Sjøtang hadde sikra seg tareleveransar på Ogna, Varden, Kvalbein og Kvasheim. Men drifta vart vanskeleg. Våren 1921 gjekk Sjøtang konkurs. Ved konkursen tapte Ogna Privatbank 24.000 kroner. Det var med å føra banken ut i konkurs. Panthavarane overtok anlegget på Ogna og leigde det ut til et nytt selskap, A/S Tangin, som i perioden 1922 – 1928 framstilte Norgine i pastaform for Titan Co i Fredrikstad. Norgine vart nytta til framstillinga av eit fargestoff. Denne produksjonen vart flytta l Tyskland i 1929, og det vart foreløpig slutt på drifta på Ogna. Vinteren 1932-33 blei det starta produksjon av jod på loftet til Sjøtang-fabrikkken på Ogna. I 1935 overtok Rasmus Skjøndal firmaet. Året etter bygde han ny fabrikk, Jærens Kjemiske Fabrikk, for produksjon av



Sjøtang A/S dreiv reklame for produkta sine. Her ser vi eit slikt reklameprodukt. "Badekur i hjemmet". Brosjyren viser til tareprodukta sin gode verknad mot revmatisme, gikt og isjas. Som garantist stod medisinsk konsulent Dr. J. Reinhardt Natvig i Kristiania.

jod og kaligjødtsel. I 1939 blei fabrikkens selt på tvangsauksjon, og NSB kjøpte den då som lager. Sist i 1930-åra starta P.P. Munthe og Ludvig Meltzer opp korkindustri. Korken brukte dei som isolasjon i kjøleskap og liknande, og dei henta han frå Spania og Portugal. Dei starta og ny tareindustri. Det store internasjonale firmaet Kelco

A/S dreiv alginatproduksjon bl.a. til bruk i framstilling av hermetikk som tilsats til loddemiddelet som forsegle hermetikkboksane. Dette verka med til å kontrollera loddemiddelet sine flyteeigenskapar. Kelco sin suksess og moglegheiter for samarbeide ga likevel inspirasjon som førte til at Ognafabrikker, konstituert på nytt hausten 1938, i februar 1939 fekk eit lån i Tiltaksfondet på 20.000 kroner for ny prøvedrift. Dei tok til med produksjon av alginat i pastaform i september 1939. Men framstillingsmetodane var ikkje gode nok. Kelco, seier Mentz Indergaard i ein kritisk tone, må ha vakta industriprosessane sine godt. Ognafabrikker lukkast ikkje og måtte leggja årene inn for godt i 1941. Endå vart det gjort eit lite forsøk. I Klepp vart det tidleg under andre verdskrigen, då ein var på jakt etter mange slags erstatningsprodukt, bygt ein taremjølfabrikk på Reve, men det ser ikkje ut for at den nokon gong kom i særleg drift.<sup>108</sup>

Ei næring og eit eventyr var på hell. Norsk eksport av tareoske til jodframstilling sokk dramatisk ved inngangen til 1930-åra, frå 2.905 tonn i 1933 til 207 tonn i 1934. Funn av jod i petroleumisleiene i Japan og Russland braut opp eit vestleg jodmonopol som hadde halde prisane på jod på verdsmarknaden kunstig oppe. Frå Klepp heiter det at japanarane kunne få jod ut av jordolja så billig at dei norske tarebrennarane ikkje kunne konkurrera med dei. Prisen vart tvungen ned frå 18–19 øre pr. kilo til 7–8 øre og endå lågare, like ned til 3 øre kiloet. Det blei då ulønsamt med denne lokale jodproduksjonen.<sup>109</sup>

Det var eit hardt slag. Handelsdepartementet utverka at Statens råstoff-fond frå 1935 finansierte eit

forskningsprosjekt for direktør Gulbrand Lunde ved Hermetikkindustriens Laboratorium i Stavanger. Lunde vart elles statsråd i Vidkun Quisling sitt regime under andre verdenskrigen. Prosjektet skulle undersøka mulighetene for anna utnytting av Norges tang- og tareressursar. Frå dette prosjektet publiserte Lunde og medarbeidarar i perioden 1936 – 1941 ei rekke artiklar om algane sin kjemi. På omtrent same tid etablerte to engelske grunderar ein tangmjølfabrikk – Algea Produkter A/S i Kristiansund og ein alginatfabrikk – Protan - i Drammen.<sup>110</sup> Kunne ein nok ein gong finna bruk for dei enorme tang- og tareressursane? Ei ny tid var i emning, denne gongen med bruk av taren sin organiske hovudkomponent alginat, og ikkje lenger dei uorganiske salta. Det har og gått slik. Taren er i bruk i mange samanhengar over heile verda. Her er forskning og nyvinningar. Taren er stadig i nyheitsbiletet. Og ennå, den dag i dag vert jærtaren utnytta. Taretrålarar som tek opp fangst som vert nytta til framstilling av ulike produkt, mellom anna til medisinsk og kosmetisk bruk, er eit vanleg syn på jærkysten.

I 1937 skildra direktør Jan Pettersen ved Stavanger Museum tarebrenninga på Jæren i bokverket «Norge vårt land». Ute på Reve «har det vært en hel næringssvei for de som bor der/bøndene å brenne tare. Når stormen har drevet taren op på land, er den blitt samlet og kjørt op på høiereliggende steder og er blitt spredt ut for å tørres. Efter tørringen er så taren blitt samlet i hauger, og så er den blitt brent til tareaske.....». Og i motsetnad til Arne Garborg såg Jan Pettersen som Livar Qvalbein noko vakkert og nærast romantisk ved tarebrenninga. I vakre vårkveldar hadde det gitt «øket

bidrag til den eiendommelige og vakre stemning her ute å se røken stige op fra alle tarehaugene». Men tarebrenninga var på hell. Det svarte seg ikkje lenger, korkje på Reve, på Jæren elles eller på Karmøy.<sup>111</sup>

Jærbuen var sein til å utnytta taren både som gjødsel og til brenning som tareoske. Men då sjansen baud seg i frå 1870-åra, og då jærbuen kunne ta over den rolla skotsk tarebrenning hadde hatt, gjorde dei det. Jæren vart storleverandør av råstoff til internasjonal kjemisk industri. I tiåra før og etter 1900 bidrog tarebrenninga - ikkje minst for sjøgardane på Jæren - til utviklinga både agronomisk og økonomisk. Eventyret for jærbonden varte i godt 50 år. Det same kan ikkje seiast om dei tiltaka som vart gjorde for å byggja opp ein eigen jærsk kjemisk industri basert på tareoske. Dei mislukkast. For taren sin del måtte jærbuen frå 1930-åra sjå at ny utvikling i den internasjonale storindustrien gjorde at botn datt ut under tareoskeproduksjonen. Men bortfallet av denne viktige inntektskjelda fekk ikkje slike dramatiske konsekvensar som i Skottland. Den moderniseringa, omlegginga og framgangen for det jærseke landbruket som gjekk parallelt med tarebrenninga, gjorde at jærbuen hadde fleire bein å stå på, og nytta dette til vidare utvikling og framgang.

## TAKK

Takk til mange gode hjelparar. Ei særskilt takk til Mairi MacNeil-Lande og Helge Lande, Bryne som har ytt uvurderleg hjelp med å finna fram til britisk litteratur. Takk og til Atle Skarsten, Tananger som har hjelpt til med å finna fram stoff om lokale og nasjonale forhold.

## MUNNEGE KJELDER

Elling Hodne f. 12.7.1943 – Hodne i Klepp, etter nedteikningar frå faren Olav Hodne f. 3.2.1906

Livar Qualbein f. 12.1.1931 – Kvalbein i Hå

## UTRYKTE KJELDER

Rasmus Kvadsheim: Fortegnelse over de som Kjører tare fra Kvassheim strand datert 30/10 1915 og Dagbok - rekneskap,

## DALANE SORENSKRIVAREMBETE

Pantebok BE 41, nr.22, 1916 - 1918

## JÆREN SORENSKRIVAREMBETE:

Pantebok BF 1, nr. 9, 1869 – 1871

Pantebok BF 2, nr.10, 1871 – 1873

Pantebok BF 7, nr. 14, 1880 - 1882

Pantebok BF 11, nr. 18, 1890 – 1892

Pantebok BF 13 og 14, nr. 20, 1896 - 1898

Pantebok BF 21, nr. 25, 1906 - 1908

## JORDSKIFTEVERKET I ROGALAND:

Forhandlingsprotokoll 13, 1892 - 1899

Forhandlingsprotokoll 14, 1895 - 1902

Forhandlingsprotokoll 18, 1888 – 1894

Forhandlingsprotokoll 27, 1862 - 1866

Forhandlingsprotokoll 28, 1862 - 1866

Forhandlingsprotokoll 38, 1868 - 1872

Forhandlingsprotokoll 39, 1870 - 1873

Forhandlingsprotokoll 40, 1873 – 1875

Forhandlingsprotokoll 42, 1877 - 1881

Forhandlingsprotokoll 43, 1881 – 1885

Forhandlingsprotokoll 44, 1883 – 1894

Forhandlingsprotokoll 45, 1884 - 1887

Forhandlingsprotokoll 47, 1879 - 1881

Forhandlingsprotokoll 49, 1884 – 1894

Forhandlingsprotokoll 50, 1884 - 1994

Forhandlingsprotokoll 51, 1894 - 1897

Forhandlingsprotokoll, 52, 1896 – 1900

Forhandlingsprotokoll 53, 1897 - 1904

Forhandlingsprotokoll 54, 1900 - 1904

Forhandlingsprotokoll 55, 1903 - 1905

Forhandlingsprotokoll 56, 1884 - 1908

Forhandlingsprotokoll 61, 1903 - 1907

Forhandlingsprotokoll 63, 1905 -1908

Forhandlingsprotokoll 64, 1905 - 1908

Forhandlingsprotokoll 67, 1908 - 1910

Forhandlingsprotokoll 71, 1911 - 1915

Forhandlingsprotokoll 72, 1912 – 1915

Forhandlingsprotokoll 73, 1915 - 1918

Forhandlingsprotokoll 74, 1918 – 1921

Forhandlingsprotokoll 75, 1926 – 1929

Forhandlingsprotokoll 85, 1933 - 1935

Forhandlingsprotokoll 86, 1935 - 1936

Forhandlingsprotokoll 89, 1940 – 1943

Forhandlingsprotokoll 93, 1926 – 1946

Forhandlingsprotokoll 94, 1908 - 1913

Forhandlingsprotokoll 96, 1913 – 1918

Forhandlingsprotokoll 97, 1915 - 1918

Forhandlingsprotokoll 99, 1917 – 1924

## LITTERATUR

Aurenes, Ola. 1937. *Rogaland fylke gjennom 100 år. Festskrift til formannskapsjubileet 1937.*

Branigan, Keith and Foster, Patrick. 2002. *Barra and The Bishop ´s Isles. Living on the Margin.*

Branigan,Keith. 2012. *Barra. Episodes from an Island´s History.*

Buxton, Ben.1995. *Mingulay. An Island and Its People.*

Buxton, Ben Buxton. 2008. *The Watersay Raiders.* Edinburgh.

Cambell, John Lorne, ed. u.å. *The Book of Barra. Being accounts of the Island of Barra in the Outer Hebrides written by various authours at various times, together by unpublished letters and other matters relating to the Island.*

de Fine, Bendix Christian. 1745/1987. *Stavanger Amptes Udførlige Beskrivelse – 1745.* Illustrert jubileumsutgåve. Rogaland Historie- og Ættesogelag 75 år.

Devine,T.M. 2012. *The Scottish Nation. A Modern History.*

Døssland, Atle. 2014. Ekspansjonen i eksportfiskeria 1720 – 1880.I Kolle, N (hovudred.): *Norges fiskeri- og kysthistorie, bd. II.*

Flor, Pierre Pomeau, 1810/1995. *Oekonomisk Reise til Lister og Jedderen foretagen i efteraaaret 1810.* Rogaland Historie-og Ættesogelag.

Foster, Patrick. Sjø Branigan, Keith.

Garborg, Arne. 1893/1980 og 2001. *Artiklar og Essay 1891 – 1923. Fra det mørke fastland.*

Garborg, Arne. 1904/1951. *Skriftir i samling. Knudaheibrev.*

Grude, Egil Harald. 1972. *Skatt, bønder og embetsmenn. Ekstras-katten i Stavanger Amt 1762 – 1765.* Hovudfagsoppgave i historie, Universitetet i Oslo.

Grude, Egil Harald. 2015. Amtmannen mellom konge og allmuge. Reform og kriseutfordringar i Stavanger Amt på 1700-talet. I Eliassen, Finn-Einar m.fl. (red.): *Den rianske vending. Festskrift i anledning professor Øystein Rians 70-årsdag 23. februar 2015.*

Grude, Ingebret Mossige. 1913. Tarebrænding på Jæren. *Stavanger Aftenblad 1913/Klepp Historielag 2013*, s.60 – 69.

Grude, M.A. 1914. *Jæderen 1814 – 1914.*

Hunter, James. 2003. *The Last of the Free. A Millennial History of the Highlands and Island of Scotland.*

Hveding, Jens. 1759. Om Tang-Askens fordeeltige Brug til Glas-Pusterie. I *Danmarks og Norges Oekonomiske Magazin befattende en Blanding af de Adskillige velsindede Patriots insendte smaae Skrifter, angaaende den muelige Forbedring i Ager- og Have-Dyrkning, Skov-Plantning, Mineral-Brug, Huus-Bygning, Fæe-Avling, Fiskerie, Fabrikk-Væsen og deslige.* Det tredje Bind.

Indergaard, Mentz. 2011. *Tang og tare – i hovedsak norske brunalger: Forekomster, forskning og anvendelse.*

Indrebø, Hans Torgny. 2008. Strandressursar. I *Sjø Jæren Årbok for Jærmuseet* nr. 20.

Irgens, Marcus Fredrik. 1872. *Jæderen. Forsøg til en Landbrugsbeskrivelse.*

Johnsen, John Gunnar. 2006. *Hermetikkindustriens laboratorium 1931 – 2006. 75 år med utfordringer.*

Langhelle, Svein Ivar. 1983. *Soga om Sola og Madla* bd III.

Langhelle, Svein Ivar. 2014. *Hå kulturhistorie band III. Frå 1870 til 1945.* Redaktørar Jan Bjarne Bøe og Marie Smith-Solbakken.

Lindanger, Birger og Hallvard Nordås, 1987. *Klepp bygdesoge 1837 – 1987.*

Lindanger, Birger. 1990. *Klepp bygdesoge fram til 1837.*

Lindanger, Birger. 1988. *Randaberg. Kultursoga til 1945.*

Macdonald, Angus & Patricia. 2010. *The Hebrides. An aerial view of a cultural landscape*

Moberg, Gunnie. Sjø: Schei, Liv Kjørsvik.

Nordås, Hallvard. Sjø Lindanger 1987.

*Norsk Retstidende.* Ugeblad for Lovkyndighed, Statistik og Statsøkonomi, Udgivet af den norske Sagførerforening: 7. januar 1856, nr. 1, 12. april 1871, nr. 15, 30. desember 1874, nr 52 og 28. oktober 1896, nr. 45.

Schei, Liv Kjørsvik og Gunnie Moberg. 1985. *The Orkney Story.*

Næss, Hans Eyvind. 2015. Lagmenn i Stavanger. I *Ætt og Heim Lokalhistorisk årbok for Rogaland.*

Obrestad, Astrid. 1987. Tareindustrien på Ogna frå første til andre verdenskrig. I *Stavanger Museum årbok*, s. 77 – 100.

Sirevåg, Tønnes. 1938. Jæren på veg frå naturhushaldet. Jærsk næringsliv før Jærbanen kom. 1800 – 1875. I *Rogaland historielag, årshfte.*

Skarsten, Atle. 2015. *D. Danielsen 140 år. 1874 -2014. Det vi lover, holder vi.*

Skretting, Tobias. 2014 *Jæren syng i merg og minne.*

Særheim, Inge. 2015. *Jærestrendene. Namn og stader.*

Wiig, Johan. 1952. Tarebrenningen. I *Årbok for Jæren og Dalane.*

## NOTER

- <sup>1</sup> Indergaard, 2011:49-62, 64
- <sup>2</sup> Sirevåg, 1938:20, De Fine, 1745/1987:11, Flor, 1810/1995:96
- <sup>3</sup> Irgens, 1872:26 – 27
- <sup>4</sup> Norsk Retstidende nr 1, 7. januar 1856
- <sup>5</sup> Norsk Retstidende nr. 52. 30. desember 1874
- <sup>6</sup> Norsk Retstidende nr. 45. 28. oktober 1896
- <sup>7</sup> Pantbok for Jæren 14:942 – 945
- <sup>8</sup> Sirevåg, 1938:70 – 71, Grude, 1914 I:75, 290 ff. Martin Adolf Grude skreiv seg alltid som M.A.Grude.
- <sup>9</sup> Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 18:66
- <sup>10</sup> Indrebø, 2008:16 -21
- <sup>11</sup> Livar Qvalbein, Intervju 2016
- <sup>12</sup> Dette kapitlet byggjer på: Døssland, 2014:136 – 137, 264 – 265, Grude, 1972:49 – 50, 78 90, 93, Indrebø 2008:15 – 21 og Indergaard, 2011:64, 65, 67 ff, 71
- <sup>13</sup> Indergaard, 2011:64
- <sup>14</sup> Indergaard, 2011:65 – 66
- <sup>15</sup> Døssland, 2014:137 – 138, Indergaard, 2011:64,66-67 Som ein kuriositet nærast, kan vi her nemna at Jens Hveding truleg må ha vore inspirert av sonen Jacob Bentzon Hveding født 1736 i Trondheim. Han vikarierte som rådstueskrivar og Notarius Publicus i fødebyen i perioden 1759 – 1772. Då vart han utnemnt til lagmann på Færøyane og vart værande der til 1786. Det året vart han lagmann i Stavanger og sat i embetet til det vart oppheva ved forordning av 11. august 1797. Jacob som var inne i den trønderske kretsen som interesserte seg for tarebrenning, publiserte i 1759 Danmarks og Norges Oekonomiske Magazin artikkelen: Om Tang-Askens fordeeltige Brug til Glas-Pusterie. Tidlig i 1750-åra var han og fleire med og undersøkte muligheter for tareoskebrenning i Tøndelag til bruk for glasverka sønnafjells. Dette skjedd i samarbeide med Visestathaldaren. Næss, 2015:82 – 85, Hveding, 1759:202 – 202.

- <sup>16</sup> Indergaard, 2011:66 – 68, Døssland, 2014: 136 - 138
- <sup>17</sup> Indergaard, 2011: 67
- <sup>18</sup> Indergaard, 2011: 67
- <sup>19</sup> Indergaard, 2011: 67
- <sup>20</sup> Tarebrenninga i 1760-åra gjekk først og fremst føre seg på Karmøy og i Ryfylke. Mossige Grude, 1913/2013:61 – 65, Johnsen, 2006:55. Johnsen seier at den franske tareoskebrennaren, som kom til Stavanger Amt i 1758, dreiv verksemda si i Ryfylke. Tarebrenninga i distriktet – Klepp og Jæren - sist på 1700-talet, hadde lite omfang. Nordås, 1987:186. Mossige Grude heller difor til at tarebrenninga på Jæren først og fremst var ei næring som hadde kome med Jærbanen.
- <sup>21</sup> Grude, 1972: 49 - 50
- <sup>22</sup> Grude, 1972: 49 – 50, 78, Grude, 2015:213
- <sup>23</sup> Grude, 1972: 90 og 93
- <sup>24</sup> Døssland, 2014: 137 – 138, 264 – 265, Indergaard ,2011: 67, 68
- <sup>25</sup> Indergaard, 2011: 68
- <sup>26</sup> Indergaard, 2011: 68 - 69
- <sup>27</sup> Indergaard, 2011: 69
- <sup>28</sup> Indergaard, 2011: 69
- <sup>29</sup> Indergaard, 2011: 69
- <sup>30</sup> Indergaard , 2011: 69 - 70
- <sup>31</sup> Indergaard, 2011: 70
- <sup>32</sup> Indergaard, 2011: 70
- <sup>33</sup> Indergaard, 2011: 71
- <sup>34</sup> Dette kapitlet byggjer på: Branigan og Foster, 2002, Branigan, 2012, Buxton, 1995, Buxton, 2008: 30, 31 ,34, 38, Buxton, 1995, Campbell, ed. u.å., Devine, 2012: 184, Hunter , 2003: 247 – 254, 262, Macdonald, 2010: 39, 134, 194, 294, Schei og Moberg, 1985: 141, 142.
- <sup>35</sup> Sjå særleg: Buxton, 2008: 30, 31 og 34, Evine, 2012: 184, Hunter, 2003: 247 – 254, Macdonald, 2010: 39 og 53. Sjå elles særleg Hunter, 2003 og Macdonald, 2010
- <sup>36</sup> Garborg, 1893 og 1980/2001:40 - 41
- <sup>37</sup> Grude,1914 I:295
- <sup>38</sup> Særheim, 2015: 57
- <sup>39</sup> Langhelle, 2014: 51
- <sup>40</sup> Garborg, 1893 og 1980/2001:43
- <sup>41</sup> Grude, 1914 I:294 - 297
- <sup>42</sup> Sirevåg, 1938: 20, 70 - 71
- <sup>43</sup> Garborg, 1904/1951: 204 – 205, Grude, 1914 I: 294 - 295
- <sup>44</sup> Nordås, 1987: 218, 221
- <sup>45</sup> Nordås, 1988: 188 og 221
- <sup>46</sup> Grude, 1914 I: 292
- <sup>47</sup> Nordås, 1987: 186
- <sup>48</sup> Nordås, 1987: 186
- <sup>49</sup> Jæren Sorenskrivarembete: Pantebok BF 2, nr. 10, 1871 – 1873, tgl. 5. mars 1872
- <sup>50</sup> Lindanger, 1987: 59
- <sup>51</sup> Lindanger ,1987: 59
- <sup>52</sup> Pantebok for Jæren 14:59
- <sup>53</sup> Jordskifteverket, Utskiftingsprotokoll 54:48, Jordskifteverket, Utskiftingsprotokoll 55:99
- <sup>54</sup> Nordås, 1987: 186 - 187
- <sup>55</sup> Norsk Retstidende nr. 1, 7. januar 1856
- <sup>56</sup> Norsk Retstidende nr. 15, 12. april 1871
- <sup>57</sup> Norsk Retstidende.nr. 52. 30. desember 1874
- <sup>58</sup> Norsk Retstidende nr. 45, 28. oktober 1896
- <sup>59</sup> Jæren Sorenskrivarembete: Pantebok BF 11, nr. 18, 1890 – 1892, tgl. 4. november 1892, s. 1052 nr. 1, Jæren Sorenskrivarembete: Pantebok BF 21, nr. 25, 1906 - 1908, tgl. 19. oktober 1907
- <sup>60</sup> Dette er ei grovmaska oppsummering av gjennomgang av alle utskiftingar for sjøgardar på Jæren i tida frå 1860 fram til 1940. Denne er laga med grunnlag i Jordskifteverket sine utskiftingsprotokollar med register ved Statsarkivet i Stavanger. Forfattararen har elles utarbeidd finmaska tabellar/oversikter for utskiftingane.
- <sup>61</sup> Indrebø, 2008:20
- <sup>62</sup> Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 42:88, Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 47:240
- <sup>63</sup> Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 40:135
- <sup>64</sup> Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 53:211, Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 54:56, Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 55:146 - 147
- <sup>65</sup> Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 54:48
- <sup>66</sup> Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 18:66, Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 71:144 – 145
- <sup>67</sup> Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 49:203 – 204, Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 50:71, 182, 203 – 204, Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 97:277
- <sup>68</sup> Jordskifteverket. Forhandlingsprotokoll 51:27, 120, 131, Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 64:5
- <sup>69</sup> Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 43:88
- <sup>69</sup> Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 69:47

- <sup>70</sup> Livar Qvalbein, intervju våren 2016
- <sup>71</sup> Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 54:56
- <sup>72</sup> Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 55:199, Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 51:1
- Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 85:9,12, 23, 25, 35, For Refsnes sjå og Jordskifteverket, Forhandlingsprotokollane 13, 45, 51, 73 og 86
- <sup>73</sup> Jæren sorenskrivarembete, pantebok 9:256, Jæren sorenskrivarembete, pantebok 10:397, Jæren sorenskrivarembete, pantebok 20:481
- <sup>74</sup> Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 51:27, 120, 131
- <sup>75</sup> Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 67:247, Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 75:247 – 254, Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 93:373 og 379
- <sup>76</sup> Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 99:203 – 204
- <sup>77</sup> Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 54:30
- <sup>78</sup> Her viser vi til Tunge, Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 67:219, 221
- <sup>79</sup> Jordskifteverkete, Forhandlingsprotokoll 64:45
- <sup>80</sup> Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 42:83 – 84, Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 74:40 – 44, Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 63:133, 136, Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 71:144 – 145, Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 79:200 – 201, Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 93:373
- <sup>81</sup> Jordskifteverket. Forhandlingsprotokoll 64:5, Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 74:40 – 44. Sommaren var 01.04. – 30.10
- <sup>82</sup> Særheim, 2015:57
- <sup>83</sup> Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 54:48
- <sup>84</sup> Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 55:199
- <sup>85</sup> Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 63:206, Jordskifteverket, Forhandlingsprotokoll 72:158
- <sup>86</sup> Sjå Jæren Sorenskrivarembete, ABF 2, Panteregister for Ogna, gardane Ogna, Kvalbein og Kvasseheim. Dalane Sorenskrivarembete, Pantebok BE 41, nr. 22:752 – 753, 290.
- <sup>87</sup> Avtalen som dekker åra 1915 – 1920 var sett opp av Rasmus Kvadsheim: Fortegnelse over de som Kjører tare fra Kvasseheim strand datert 30/10 1915. Ikkje alle namne er leselege. Vi nemner: Friestad, Haugstad, Flaaten, Hegrestad, Helleland, Herigstad, Hetland, Høien, Haaland, Kvalbein, Mellemstrand, Rugland, Røiseland, Siqueland, Stokkeland, Thu, Torvholen, Varden, Vold og Ødegård
- <sup>88</sup> Svein Ivar Langhelle seier i Hå kulturhistorie at det skal ha starta i 1881, og at tareoskebrenninga gjekk føre seg frå Reve i nord til Kvalbein i sør. Frå Klepp seier Hallvard Nordås at det vart næring av tarefangsten i 1880-åra då ein tok til å brenna taren og selja oska til utlandet der han blei nytta til jodproduksjon.
- <sup>89</sup> Indergaard, 2011:71, Langhelle, 2014: 51, Nordås, 1987:185, Wiig, 1952:164
- <sup>90</sup> Indrebø, 2008:21, Langhelle, 1983:100 –101, Langhelle, 2014:51, Mossige Grude, 1913/2013:65, Wiig, 1952:164, 165
- <sup>91</sup> Langhelle, 2014:51
- <sup>92</sup> Langhelle, 2014:51, Nordås, 1987: 189, Wiig, 1952: 164
- <sup>93</sup> Indergaard., 2011:71, Skarsten, 2015: 44.
- <sup>94</sup> Indergaard ,2011:71, Skarsten, 2015: 44 – 46.
- <sup>95</sup> Nordås, 1987:187 – 188
- <sup>96</sup> Indergaard, 2011: 71, Nordås, 1987:116 og folketeljingar 1900 og 1910. Munnleg opplysning frå Elling Hodne, etter faren Olav Hodne.
- <sup>97</sup> Nordås, 1987:187
- <sup>98</sup> Nordås, 1987:187, 203 og folketeljing 1900/1910
- <sup>99</sup> Nordås, 1987:190 – 191
- <sup>100</sup> Nordås, 1987:214,218, 255
- <sup>101</sup> Nordås, 1987:202
- <sup>102</sup> Langhelle, 1983:101
- <sup>103</sup> Langhelle, 1983:100 – 101, Aurenes [red], 1937: 219, 223
- <sup>104</sup> Lindanger, 1988:454
- <sup>105</sup> Skarsten. 2015:44 – 46.
- <sup>106</sup> Indergaard, 2011:102, Indrebø, 2008: 25 – 26
- <sup>107</sup> Langhelle, 2014:51. Sjå og Obrestad, 1987. Her gir forfattern eit nærbilete av verksemda på Ogna.
- <sup>108</sup> Langhelle, 2014:51 – 52, Indergaard, 2011:102 – 104
- <sup>109</sup> Indergaard, 2011:71, Langhelle, 2014:51, Nordås, 1987: 190
- <sup>110</sup> Indergaard, 2011:71. Sjå og s. 57 – 58, 104 – 106, Johnsen, 2006:55 – 56
- <sup>111</sup> Pettersen, 1937:660 – 665